

## N O R S K R I F T

### Redaksjon:

Bernt Fossestøl,	rom C236, Wergelands hus
Gudleiv Bø,	" C316, " " "
Åsfrid Svensen	" C318, " " "
Kjell Ivar Vannebo,	" C230, " " "

Manuskripter kan leveres direkte til disse eller sendes til:

NORSKRIFT

Institutt for nordisk språk og litteratur

Postboks 1013, Blindern

OSLO 3

Manuskriptene bør være skrevet på maskin i A4-format, med linjeavstand  $1\frac{1}{2}$ , marg ca. 4 cm. og med reine typer på et godt fargeband.

NORSKRIFT er et arbeidsskrift og er følgelig beregnet på artikler av foreløpig karakter. Ved eventuelle henvisninger til disse bør det derfor på en eller annen måte markeres at det dreier seg om utkast. Artiklene kan heller ikke mangfoldiggjøres uten tillatelse fra forfatterne.



KJÆRLEIK, REGRESJON, DØD.

UNDERTEKSTEN I OLSØYGUTANE AV OLAV DUUN

Av

Otto Hageberg



## INNHALD

<u>I. Innleiing</u>	s. 1
<u>II. Olsøygutane</u>	s. 4
<u>A. Presentasjon</u>	s. 4
<u>B. Analyse</u>	s. 9
<u>1. Problemstillingar</u>	s. 9
1.1. Tesis - ein symbiotisk fellesskap	s. 9
1.2. Identitet og spegling	s. 10
1.3. Seksualitet og regresjon	s. 13
<u>2. Analyse i kronologisk samanheng</u>	s. 14
2.1. Born	s. 14
2.1.1. Forholdet til Sofia. Frå barndom til puberttet	s. 14
2.1.2. Borghild-episoden	s. 17
2.2. Vaksne karar	s. 19
2.2.1. Unge år	s. 19
2.2.2. Johan, Jæger, Johanna. Trulovinga	s. 21
2.2.3. Johan og Johanna. Ekteskapet	s. 26
2.2.4. Kjærleik, regresjon, død. 1.	s. 27
2.2.5. Jæger og Johanna	s. 29
2.2.6. Kjærleik, regresjon, død. 2.	s. 34
2.3. Dei to som vart att	s. 36
2.3.1. Hovudsynspunkt, repetisjon og perspektivering	s. 36
2.3.2. Arne	s. 37

2.3.3. Sebulon	s. 39
2.3.4. Sebulon og Johanna	s. 44
2.3.5. Sebulon og Arne	s. 47
2.3.6. Siste avgjerdsla. Kjærleik, regresjon, død. 3.	s. 53
2.3.7. Det aller siste avsnittet	s. 57

<u>C. Appendix. Olsøygutane i litteraturhistorisk perspektiv.</u>	s. 59
---	-------

### I. Innleiing.

Olav Duun har skrive det største ætteepos i norsk litteratur, romanserien Juvikfolke (1918-23). I det heile er slektssamheng eit viktig emne i diktinga hans. Det er ofte ei positiv makt, men ikkje alltid.

Eit av dei mest gjennomgåande motiv i forfatterskapen hans er syskenbinding, oftast mellom søster og bror. Som regel er bindinga noko hemjande som stengjer eller seinkar voksteren til vakse liv for personane. Det får særleg følgjer når det gjeld erotikk og seksualitet, det me med eit meir romsleg ord kan kalla kjærleikslivet, men femner vidare og grip liksom inn i heile personlegdommen.

Det er nok av døme på dette. Her skal me berre nemna nokre syskenkonstellasjonar og titlar på verk der dei finst: Iver Ramsholmen og søstra Marta i Tre venner (1914), Martin Bru-dalen og Astrid i På Lyngsøya (1917), Torleiv Svennem og Åsta i Straumen og evja (1926), Agnar og Margit i Samtid (1936), og Borghild og bror hennar i Menneske og maktene (1938). I alle desse tilfella kan ein få det inntrykket at det er til stades ein tabulagd, incestuøs seksualitet. Den skaper angst og hindrar friidom, vokster og livsevne. Dette peikar inn mot eit av dei mest spennande og samstundes mest ugranska område i Duuns dikting: framstillinga av korleis det umedvitne styrer handlingar og tankar og formar det medvitne liv på løynd og svært komplisert vis. I den samanhengen står seksualiteten som problem og dilemma sentralt. Det gjeld òg i fleire bøker av Duun enn dei eg har nemnt. Ein kan t.d. minna om Sigyns problematiske kjærleiksliv i Nøkksjølia (1910) og Sigyn (1913) eller forholdet mellom Odin og Astri i Juvikfolke. Dette emnet

er også sentralt der det ikkje er gjort til berrsynt tematikk. Det er som om ein kan merka eit slags blygskap og ei litt unnvikande holdning hos forfattaren framfor eit livsområde som han må vera sterkt oppteken av sidan han stendig vender tilbake til det.

Når denne tematikken er lett tilslørd, samstundes som han er til stades, heng det elles mykje saman med at i det meste Duun har skrive, held han seg nokså lojalt innafor sine fiktive personars forståings- og fortolkingshorisont. Og dei lever i ei verd der det finst så mykje som det ikkje kan talast ope om. Det gjeld ikkje berre talen. Også kjensla og tankane har sine tabufelt, skam er eit sentralord for mange av Duuns personar i deira løynde refleksjonar. Og dei fortregjer, forskyv og transformerer det farlege, skammelege, angstskapande og sannkjenner ikkje heilt sin situasjon og sine problem.

Mutatis mutandis kan ein seia at også forskninga har fortrengt litt i denne samanhengen. Dei som har skrive om Duun har helst lika å omtala han som eit slags moralfilosof eller i det minste ein forfattar som først og fremst er oppteken av moralske grunnproblem. Det synet er det noko i, men det treng samstundes modifikasjonar, for det har ført til at andre sider av forfatterskapen er blitt sette til side. Det kan vera nyttig med ei nyvurdering, og for å få balansen i orden kan me då i første omgang leggja meir einssidig vekt på det som har vore minst utgreidd før. Som eit utgangspunkt vil eg tilspissa påstå at Olav Duun først og fremst er ein lidenskapens diktar. Men den lidenskap han skriv om, er ein lidenskap under indre tvang og sensur og som ofte er på flukt bort frå sitt mål. Duun framstiller dei psykiske spenningane i den prosessen. Desse spenningane er berre halvmedvitne eller reint umedvitne for personane sjølve. Dei er heller ikkje forklarte og analyserte for lesaren av ein allvitande forteljar, men finst likevel i teksten, i handlingsmønster, komposisjon og stil.



Ingen veit så mykje om kva slags lesnad Olav Duun hadde bak seg og kva slags idear han var påverka av. Ein kan leika med den tanken at han var orientert i retning av psykoanalytisk tenking.<sup>1)</sup> Det einaste som beinveges talar i den retning, utanfor hans eigne bøker, er noko Max Tau fortel om eit møte med Duun:

Jeg spurte ham om han hadde lest de moderne psykologer og gikk nærmest ut fra at her oppe på Ramberg visste man vel ikke stort om Freud eller Adler eller de moderne engelske psykologer. Han tok meg med bort til bokhyllen: der stod de alle på rad og rekke, forskerne som hadde kastet lys inn i menneskesinnets dunkelhet.

Max Tau: Tross alt Ekstrabok, Den norske bokklubben 1977, s. 89.

Ei slik einstaka utsegn bør ein ikkje leggja for mykje vekt på. Men endå om Duun ikkje skulle ha lese eit ord av Freud, er likevel hans tenkemåte og menneskeforståing prega av innsikt i motsetnaden og samanhengen mellom overflate og djup i sjelelivet. Han ser og syner fram at handlingar og utsegner ofte har fleire løynde motiveringar, Hans realistiske romanar frå eit karrig norsk kystmiljø er mindre folkelivskildringar enn framstilling av krefter, spenningar og prosessar på djupet i menneskehugen.

Eit viktig mål med ein analyse av ein Duun-roman vil vera å dra fram i lyset eit eventuelt mønster i dei løynde spenningsane som dei fiktive personane sjølve ikkje er medvitne om, men som likevel styrer livet deira og handlingsutviklinga i romanen. Dette spenningsmønstret, som er med og gjev teksten struktur, er det eg kallar underteksten.<sup>2)</sup>

---

1) Jfr. Arnulf Øverland: Olav Duun. 2. opplag, 1955, s. 38.

2) Jfr. min artikkel "Drift og drap. Ei anna røyst i Medmenneske av Olav Duun", i Frå Camilla Collett til Dag Solstad, Oslo 1980.

## II. Olsøygutane

### A. Presentasjon

Eg tok eit utgangspunkt i syskenforhold. Det er ikkje berre konstallasjonen søster-bror som er viktig i denne samanhen- gen. Også samlivet mellom brør står sentralt, særleg i Olsøy- gutane (1927), som tilliks med dei fleste av Duuns romanar har fått meir ros enn skjønnsam omtale.<sup>1)</sup> Eg skal her gje til- skot til analyse av denne romanen, utan å gje nokon full- stendig analyse. Det allmenne synspunktet eg har presentert i innleiinga er med og avgjer kva eg legg mest vekt på. Men først ein presentasjon av romanen:

Olsøygutane er ein familieroman frå eit lite norsk kystsam- funn. Som så ofte hos Duun er me i Ytre Namdalen, ser det ut til.

Olsøya er ei eingards øy som ligg ei dryg halvmil frå fast- landet med kyrkje, skule, handelsmann og folk. I nærleiken ligg det to busette, litt større øyar. På Freøya er det to gardar, på Skinnarøya tre.

Romanen er stutt (vel hundre sider i Skrifter i samling, bd. 9), men handlinga lang. Dei første avsnitta går føre seg i 1892, sluttkapitlet i 1925 og med eit siste avsnitt som gjev perspektiv fram til nedskrivningstid, dvs. 1927. Episk bruttotid er såleis ca. 35 år. Årstal finst no elles ikkje i teksten, men små opplysningar som blir gjevne undervegs, gjer det lett å tidfesta nesten alle episodane. Tid og

<sup>1)</sup> Dei mest utførlege omtalane av Olsøygutane finst i Rolv Thesen: Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending, Oslo 1945, s. 263ff og i Alv G. Schjelderup: Dikteren Olav Duun, Oslo 1945, s. 22ff.

kronologi er ein av dei enkle komposisjonsfaktorane i boka, tydeleg markert også på den måten at romanen er delt inn i tre jamstore bolkar med overskrifter som refererer til fasar i livet åt personane: "I. Born", "II. Vaksne karar" og "III. Dei to som vart att". Kvar bolk inneheld seks mindre kapitlar med titlar som viser til handlingselement og tematikk. Det er såleis ein tydeleg ytre symmetri i komposisjonen

Persongalleriet er avgrensa. Eit tjuetal personar er namngjevne, men dei fleste av dei spelar ei svært perifer rolle. I sentrum står tittelfigurane, fire brør eller rettare: to kull halvbrør. Johan og Jæger heiter dei i det første kullet, Arne og Sebulon dei yngste. I første bolken er Sofia, stemor til dei eldste og mor til dei yngste gutane den femte sentralpersonen. Ho døyir mot slutten av første bolken, 44 år gammal, i 1906. Johan er då 16 år, Jæger 15, Arne 13 og Sebulon 12 - søstra Jørgina 7. I dei to andre bolkane har òg ei kvinne ein sentral plass. Det er Johanna fra Freøya, som først er gift med Johan, deretter med Jæger.

Det er ikkje lett å gje eit konsist og presist handlingreferat som samstundes skal vera stutt. Ein kan seia at boka handlar om utviklinga åt dei fire gutane og om dei kreftene som styrer livet deira fram mot nederlag og død. Død er eit av dei mest sentrale element i romanen. Alt på første sida døyir mora til Johan og Jæger, gutane er berre to og knapt eitt år då. Sofia gifter seg med far deira, Jørgen, og dei to yngste gutane blir fødde. Tre-fire år seinare forliser Jørgen på Vestfjorden og druknar. Sofia blir sitjande att åleine med fire gutar frå sju til tre år. Alt dette blir fortalt i det første kapitlet.

Ni år seinare er gutane både morlause og farlause, dei eldste morlause for andre gongen, så dei veit litt om kva det er å missa. Og døden tek meir. Johan døyir i januar 1920, 30 år gammal. I april 1922 døyir Jæger av tæring, 31 år

gammal. Forteljinga om hans sjukdom og død er siste kapitlet i andre bolken. Johanna, som både Johan og Jørgen har vore gifte med, døyir i 1924, 34 år gammal, også ho av tæring. Våren 1925 blir den yngste av brørne, Sebulon, borte på havet, 31 år gammal. Berre den nestyngste, Arne, lever att. Han bur på Olsøya også då boka sluttar, saman med kona si Alette. I 1927 er han 34 år gammal. Dei siste setningane i boka refererer hans tilstand etter at alle brørne er borte:

Han vart gammalvoren å sjå til, både tynn og framlutt, og mange orda i han var det ikkje. Men han nemnte aldri å flytte. (113) 1)

Denne karakteristikken repeterer eit mønster og peikar att-ende til opningskapitlet på faren, Jørgen. Det heiter om han då den første kona hans ligg tæringssjuk for døden:

Men etter at kona vart liggande hadde det vore lite om både mot og mannskap hoss han. Han gjekk framlutt, og snakka lågt og varsamt, hadde vorte reint gammal i all si ferd. (6)

Handlinga i romanen har elles mange element som me kan kjenna att frå andre av Duuns bøker, t.d. Hilderøya, Tre venner og delar av Juvikfolke. Brørne driv fiske, frå færingsbåt først, seinare større båtar. Dei får seg jamvel motorskøyte når det lid på. Dei er dugande fiskarar og djerve i båten. Og dei får bruk for djervskapen når storm piskar hav. Dei har eit hardt og slitsamt liv. Dei strir ikkje berre mot ville naturmakter, men òg mot økonomiske vanskar i eit samfunn med skiftande konjunkturar, krig, jobbetid og nedgangstider, bankvesen og terminkrav. Samfunnskrava og samfunnsnormene møter dei på andre måtar òg. Dei må tidleg slåst med ei kjensle av å vera annleis, dei frå den amputerte familien utanfor folkeskikken. Alt før første skuledagen til dei eldste kjenner gutane seg trengde opp i ein forsvarsposisjon mot ville verda omkring seg, og det merkjer deira samliv med andre. Ofte må dei gjera seg harde. Guterolla er både

1) Alle reine sidetilv. er til Olav Duun: Skrifter i samling IX. Tilvisingar med s. framfør sifferet er til denne avhandlinga.

eit våpen og eit skal. Det blir eit mønster at dei fornektar sine eigne mjukare kjensler og løyner gråten, også for kvarandre. Livet er alltid eit vågespel for dei, farane lurar over alt. Dei misser òg tidleg dei kjæraste dei har. Det er ikkje så underleg at forventning om hemn, straff, katastrofe blir eit viktig element i boka.

Duuns skrivemåte og kunstnarlege teknikk i Olsøygutane er enkel og uhyre komplisert på same tid. Det er aldri vanskeleg å følgja handlinga på overflata. Det er difor forståeleg at Rolv Thesen seier at det er den boka av Duun det er lettest å gje seg i kast med.<sup>1)</sup> Men teksten har fleire lag. Som så ofte hos Duun er det usagde viktig, likeins ekkoverknaden mellom skilde tekstavsnitt. Det er mange subtile samanhenger mellom ulike motiv og handlingselement. Nesten alle setningar i boka har opne eller løynde samband til andre tekstdelar. Det er ein mønsterrik vev og til ein veldokumentert analyse ville ein ha bruk for fleire sider enn romanen inneheld. Eg skal berre så vidt streifa eit moment i denne samanhengen: Olsøygutane er ein roman om sosialisering, og Duun legg for dagen ei dynamisk menneskeoppfatning. Dei mønster som viser seg i vaksen alder har sitt grunnlag i tilhøve i barndommen. Dette er likevel ikkje direkte framstilt. Det er ei knapp skildring av barneåra til gutane. Det kan verka som om det er relativt lite konflikt mellom dei då og lite rivalisering. Me opplever dei mest som ei einskapleg, samanhandlande gruppe. Det ligg nærast ein viss lysglans over fellesskapen deira, trass harde kår. Men det me får vita om gutane seinare, gjev andre perspektiv òg. Den tilsynelatande idyllen må ha ein bakgrunn av fortrengd konflikt, løynd rivalisering, maktkamp og hat på same tid.

Det er såleis ein spesiell dialektikk mellom kronologi og retrospeksjon i romanen. Barndomsskildringa i kronologisk

1)

Rolv Thesen: n.v., s. 263

samanheng er ingen beinveges nøkkel til det vaksne liv. Det er snarare motsett. Dei modne år "kastar lys" attende over barndommen. Det må ein ta omsyn til i ein heilskapsanalyse av romanen. Særleg gjeld dette for forståinga av Arne og Sebulon, som er nokså anonyme i dei første kapitla. Eit døme: I slutten av bolken "Vaksne karar" opplever Sebulon noko han må tolka som ei avvising. Då heiter det: "Da rasa det i han, verre enn nokon gong når dei trødde han ned. Det for tankar og hendingar gjennom han så han vart iskald i hårrota." (76) Dette er yngstegutens fortvilning over sin eigen aggresjon når han er liten og hjelpelaus og avhengig av dei som bruker makt mot han. I eit slikt perspektiv blir det lettare å forstå det merkeleg samansette i Sebulons reaksjonsmønster mot slutten av boka. Bjarte Birkeland som skriv skjønnsamt om Olsøygutane i Beyer (red): Norges litteraturhistorie, IV, 537, hevdar at Sebulons undergangsdrift ikkje er psykologisk grunnjevne, men at Duun her har "stansa ved noko uforklårleg i menneskesinnet". Eg kan vera samd med Birkeland eit stykke på veg. Duun forklarar ikkje beinveges. Men han let lesaren sjå litt av dei komplekse psykologiske årsakssamanhengar også når det gjeld Sebulon, og me skal koma attende til det i analysen.

## B. Analyse

### 1. Problemstillingar

#### 1.1. Tesis - ein symbiotisk fellesskap

Ein analyse av Olsøygutane må ta utgangspunkt i dei fire brørne og forholdet mellom dei.

Dei er på ein måte ulike. Sofia ser det alt medan dei er små (7 f.), og at dei kunne ha føresetnader for å utvikla seg ulikt. Periodevis kan det sjå ut til at dei gjer det òg. I opninga av bolken "Vaksne karar" heiter det såleis: "Men elles voks dei heller ifrå kvarandre, det var mest som dei rodde på kvar sin båt." (41) Det kapitlet der desse orda står, "Krig", fortel òg om at dei har ulike politiske oppfatningar, Johan er venstremann og sosialist, Jæger høgremann. Av og til lever dei kvar sitt liv og reiser bort åleine, på fiske eller arbeid i byen. Men dei vender attende, og har det best i lag, endå om dei slåst. Og noko av det mest slående ved menneskeskildringa i romanen er at kvar av dei fire brørne nesten i eitt og alt er forma i forhold til dei andre. Ingen av dei har nokon heilt sjølvstendig eksistens. Alle freistnader på opprør og frigjering kjem til å stadfesta kor bundne dei er til kvarandre, heilt frå barndommen til slutten av boka. Samlivet deira er det eg vil kalla ein symbiotisk fellesskap. Det har truleg sin grunn i dei spesielle sosialiseringvilkåra i dette avgrensa samfunnet.

Symbiosen kan vera ein styrke i visse samanhengar, men er òg problematisk og skaper ufridom, særleg på to område som har nær samheng med kvarandre og som eg her kallar identiteten og seksualiteten. Min tesis i analysen, som eg skal utvikla nærare etterkvart og ta opp att mange gonger i lett varierte formuleringar, har samheng med denne symbiotiske fellesskapen. Eg ser det slik at samlivet mellom brørne heile

tida er styrt av ein felles fantasi og ein felles lengsel etter eit mål som dei ikkje kan nå. Dette skaper store konflikhtar i deira vaksne liv.

I det følgjande skal me først sjå litt på introduksjonen av identitetsproblemet i samband med dei to yngste brørne, mesteparten av framstillinga skal me via til ein analyse av kjærleikslivet til dei fire gutane, i hovudsak disponert etter kronologien i romanen.

### 1.2. Identitet og spegling. Arne og Sebulon.

Det er dei to yngste brørne som har mest problem med å finna og oppleva sin eigen identitet. Det heng nok saman med at dei frå tidlege år har vore utan far og at dei eldre halvbrørne har vore dei næraste identifikasjonsfigurar for dei, samstundes som dei har stått i eit halvlyynt sjalusi- og rivaliseringsforhold til dei om mora, som dei alle har vore like bundne til, endå om ho er "rett" mor berre for Arne og Sebulon. Den dagen Sofia blir gravlagd, tenkjer Arne på det "- men det var no ikkje mora til Johan og Jæger som var død, dei lest berre som dei trudde det." (31). Sebulon og Arne har òg opplevd å bli offer for ei umild, om ikkje vondt meint, "stemorsferd". Sofia vil ikkje ha det på seg at ho gjev sine eigne føremoner. Difor får dei yngste ris når Johan og Jæger får det, for at balansen skal vera i orden. (8). Det er berre rimeleg at Arne og Sebulon kan drøyma om å vera større og sterkare enn dei er og at dei kan ha hug til å løyna sin veikskap. Det heiter såleis om Sebulon etter at han for første gongen har vore med brørne sine i storstorm:

På Sebulon synte vegar etter tårane i salte nedover kinnbeina, han visste ikkje kva veg han skulde snu seg. Han såg forhatig på brørne, han skulde ikkje tilgi dem at dei hadde set dette. (22)

Her ser me at Sebulon speglar seg i den opplevinga og vurderinga han ventar at dei andre har av han. Samstundes fornektar han den angst han sjølv har kjent. Hans "sanne" barnlege kjensleliv blir konvertert til noko som liknar eit hat mot dei andre. Dette er spenningar som det ikkje kan talast om, men som må haldast løynde. - Endå meir av dette laget hos hos Sebulon ser me seinare.



I pubertetsåra er Arne og Sebulon både farlause og morlause. Deira form for lausriving og pubertetsopprør kjem difor mest i forhold til dei to eldre halvbrørne. Dei har ein lengsel mot individualitet og identitet og fantaserer om å vera noko i seg sjølve, men freistnadèn på å nå sjølvstende går gjennom spegling i dei andre, ein samansett prosess av negativ og positiv identifikasjon. Dette kjem beinveges til uttrykk i første kapitlet i bolken "Vaksne karar":

Arne tykte brørne var ei plage. Han vilde ikkje vera nokon Johan, og enda mindre som Jæger, han heldt ikkje ut å vera einig med dem, for da vart han ein hund i band, ein tosk på snøre. Han vilde vera Arne, så lite det var, når ein var døypt til det. Og korles skulde desse store-brørne ha vorte om ingen sa dem sanninga av og til?

Sebulon var det omsnudd med. Johan og Jæger var like høvt for han, og så var han snart den eine og snart den andre av dem, og Arne var ein konstig ein, som han og skulde ha vore. Den dagen måtte vel komma at ein var dem alle tre. Da vilde han sjå dem i auga, for kva var dei i grunnen? og så vilde han snu ryggen til dem og gå. Dei burde ha visst om det. (41)

Tilsynelatande er det heilt ulike reaksjonsmønster hos dei to brørne. Arne får sin identitet fastlagd i opposisjon mot dei to eldste. Han vil vera annleis, vera Arne. Men gjennom det let han seg like fullt forma i dei andres bilete, som eit negativt avtrykk. Seinare viser det seg at han er blitt hemma i sin vokster av opposisjonsholdninga. Den blir ei rolle som gjer han ufri og hindrar han i å vera det "han burde vore" (80).

Sitatet ovanfor vitnar om at Sebulon i ungdommen tilsynelatande låner identitet snart her, snart der. Det kan tyda på at han slett ikkje lever i nokon opposisjon. Men det berre ser slik ut. I realiteten er nok hans lånte liv i stor mon bunde til yngstegutens såre minne om tapte rivaliseringssituasjonar. Eit viktig område i hans fantasi er lengselen etter å koma ovanpå, der han kan tora å distansera seg frå dei andre, gå ifrå dei. Gjennom heile boka lever Sebulon i ei

merkeleg spenning mellom sjølvstendetrong og identifikasjon med andre. Meir enn nokon av dei andre er han avhengig av andres dom, endå om han å sjå til av og til meir enn dei andre handlar på vegner av eigne kjensler. Han kan liksom ikkje vera noko utan at han får det stadfest av og gjennom andre, som må tru på han. Dette avgjer hans utvikling som inneheld ei underleg motsetning mellom ein utøymande fri-domstrass og trong til underkasting. Eit tidleg døme på dette finn ein i kapitlet "Krig og fred". Sebulon går sine eigne vegar når det gjeld kjærleikslivet. Brørne ventar at han skal slå seg saman med ei jente frå Skinnarøya, Olga, som nok er glad i han. I staden held han seg saman med ei byjente, medan Olga ligg og gråt. Johan og Jæger reagerer faderleg på dette. Dei tuktar Sebulon:

Han spurde Sebulon om det var Olga han hadde skyssa.  
- Skil deg ikkje, svara Sebulon. - Ja vi veit nok, både om det og ho du skyssa, og om a Olga med. Såg du a Olga da ho fór heim? - Skil deg ikkje.

Dei orda gjorde det lettare millom dem, Jæger hørtes mest glad ut da han spurte: - Vil du lova oss at du aldri er simpel imot ei gjente oftare?

Der kom ikkje noko svar.

- Lovar du at du tek a Olga da?

- Nei!

- Da er du dømt, sa Johan. Du skal ha juling! og dermed hogg han i han og la han flat.

Dei gav han det dei trudde han tålte. Johan og Jæger brukte kvar sin kjepp. Arne rørte seg ikkje og let ikkje i seg. Det gjorde heller ikkje Sebulon.

Merkeleg nok var det Arne han såg mest vondt på, sia om dagane, og Johan minst; ja, han kunde snakke med Johan liksom ingen ting hadde stått på. (49)

Sebulons reaksjonar her viser at sjølvstende og opprør berre er ei side ved han, underkasting under dei andres dom er like viktig. Han identifiserer seg med dei andre mot Arne som ikkje er med på å gje han tuktt. Seinare dukker denne hendinga opp i minnet åt Sebulon som kainsk aggresjon mot Arne:

"Dei var vill frammande for einannan, og Arne stod og såg på

den gongen dei jula opp han. (...) enn om ein mista vettet og gjorde som Kain?" (76) <sup>1)</sup>

Seinare òg viser det seg at denne hendinga lever like under overflata hos Sebulon. Etter at både Johan og Jæger er døde. Johanna talar om kva vilkår som må oppfyllest dersom ho skal tru på han:

Dei orda gjorde han iskald over heile andletet. - Tru på meg! mumla han. Tru på meg? Det gjorde du knapt, eg ser det no. Ikkje du heller gjer det nei. Brørne mine banka meg opp ein gong så eg skulde bli å tru på. Det er ikkje dem å takke for at det vart folk av meg. Eg vart det lel. Eg var det no og, visst du trudde eg var det. (82)

I dette sitatet ser me korleis Sebulon på ein måte seier seg fri frå brørne og deira påverknad. Samstundes søkjer han ly og tryggleik i Johannas tru på han, noko som atter repeterer eit mønster av underkastning, og det finst så mange døme på det same mønstret.

### 1.3. Seksualitet og regresjon

Kjærleikslivet er det mest problematiske området for alle dei fire gutane i Olsøya. Eg har kalla dette området seksualiteten. Når eg her gjennom ein undertittel prøver å gje nemninga seksualitet autoritet, er det med tvil om det er det rette ordet. Det dreiar seg nemleg om eit mykje vidare område enn det reint seksuelle. Det er knapt nok omtala beinveges i romanen, heller ikkje når det opplagt er svært sentralt. Skildringa skil seg såleis mykje frå det me kunne ha venta i vår tid, då det er vanleg med open drøfting av seksuelle forhold også i litteraturen. Nettopp det unnvikande i omgangen med dette livsområdet i Olsøygutane tolkar eg som eit symptom på at det er eit tabufelt i medvitet til personane, eit stykke på veg for forfattaren òg. Ein fortolkar kan likevel ikkje sjå bort frå det, og nettopp det usagde, bortsensurerte, tabulagde viser seg å vera eit sentralområde i underteksten. Difor bruker eg uttrykket seksualiteten, men seinare i framstillinga modererer eg eller utvidar eg ofte ved helst å bruka ord som "kjærleiken" og "kjærleikslivet".

1) Jfr. nærare omtale s. 42

## 2. Analyse i kronologisk samanheng

### 2.1. "Born"

#### 2.1.1. Forholdet til Sofia. Frå barndom til pubertet.

Forholdet til Sofia er grunnleggjande for alle fire gutane.<sup>1)</sup> Ho er lenge det einaste menneske i livet deira og deira einaste tryggleiksinstans. Endå om ho kan vera hard og det er stutt veg til riset hos henne, er ho øm og møter dei med kjærleik. Skildringa av dei tidlege barneåra er knapp og ingen idyll, men likevel vakker og fortel om eit forhold med varme. Kva slags ulike fasar gutane gjennomlever i dette forholdet, blir ikkje utpensla for oss, men Duun finn då plass til diskrete, men likevel nokså tydelege ødipale reaksjonar hos dei då dei yngste ønskjer seg ei søster og kan tenkja seg at mora skal gifta seg med drengen av den grunn:

- Kvifor kan vi ikkje få ei søster vi og? hørte ho måle til Sebulon.

- Tosk! sa Jæger, da måtte ho mor vera gift.

- Ja, men så kan ho vel gifte seg da? - det var både Sebulon og Arne som sa det.

- Ja, ho kunde gjerne det. Så var ho da ei retteleg kjerring.

- Ho kunde gifte seg med'n Kal, let dei.

Da seier Johan: - Ja, men vi kom til å slå han i hel. Dei var hjartans einige med han i det, hørtes det for.  
(10)

Søster får dei, men drengen blir vist bort før dei får reagert mot han. Og søstra tek dei imot: "Ingen ting spurte dei om, og ingen ting sa dei så ho hørte det. Dei såg litt forundra på litesøster i vogga; kan hende dei to eldste tenkte sitt." (10) Dei tankane får ikkje lesaren del i, men får vera vitne til kor sterkt Johan og Jæger reagerer når dei kjem på skulen og møter spørsmål om kven som er far til søstra deira. Då slår dei ned for fote, men får straff for det etterpå, både hos morbroren der dei bur og heime hos Sofia seinare. (13.15 f.)

Neste kapittel i boka fører oss fram til dei første pubertetsåra til Johan og Jæger. Desse åra har dei ein uklår angst og ei forventning om straff og hemn for eitkvart, frå Vårherre eller ein annan maktinstans:

1) Jfr. Alv G. Schjelderup, n.v. s. 23.

Andre folk hadde Vårherre med seg, men det hadde ikkje dei, hadde ikkje stelt seg slik nei. At det måtte bli gale ein gong var noko dei visste. Johan trøsta seg med at det var lenge til, og han for sin part skulde alltid vaske seg framgjenom det som kom. Jæger syntes det var han som hadde andsvare, det måtte bli han det råka, visst det var så at all ting hemna seg eller kom att. Arne og Sebulon heldt seg bakom dei andre og slapp å tenke på slikt. (20)

Den første farlege utfordringa dei møter, er frå storm og hav i kapitlet "Sjøen syner seg". Dei greier seg godt og kjem med livet i land når andre forliser. Men så hender noko dei kan tolka som straff og hemn, i kapitlet "Det syner seg meir". Mange motiv er vovne saman i dette kapitlet. Dei eldste gjer sitt første opprør mot morsinstansen. Dei tek dei yngste med seg og dreg uløyves inn til fastlandet ein søndag medan Sofia søv middag og dei kjem ikkje attende før tidleg neste morgon. På denne ferda opplever dei litt av kvart. Det som er mest viktig i vår samanheng er at Johan og Jæger på denne ferda møter sin eigen seksualitet og får som eit slags første innviing til vakse liv. Reint konkret hender ikkje så mykje, men det er viktige ting:

Ingen av dem kunde seie det, men slik var det, at dei hadde rodd ifrå mange ting i natt. Mest som dei hadde rodd ifrå seg sjøl og. Heim? Nei, Johan var i veg og dansa att, og Jæger råkte Johanna i lag med eit par andre unggjenter. - Eg dansar ikkje eg heller nei, sa han. Auga hennar var rart så modige, når dei opna seg og såg på ein. Ja vel, ho fekk ha god natt da. (27)

Då dei kjem heim neste morgon, ventar dei overhøvling, men får det ikkje. Sofia teier, og er mild og ser ikkje ein gong sinna ut. Med ein del av seg kjenner dei seg likevel skuldige og dei ønskjer at ho skal skjella dei ut: "Ei tid vona dei at mora skulle ta blade frå munnen og seie dem sannheita; men ho gjekk der og tagde like blid og sorgsam" (27). Dette må ein tolka som eit vitnemål om at deira eigne gryande "vaksne" kjensler skaper angst og utryggleik i dei. Med ein del av seg ønskjer dei å bli haldne fast i eit infantilt forhold, ein barndoms "harmoni".

Det dei får oppleva, er det motsette av harmoni. Like etter denne hendinga er det dei oppdagar at Sofia er sjuk, og det er alvorleg òg. Dei hentar dokter. Ho blir send på sjukehus. Stutt tid etter kjem brevet frå byen med sørgjebodet. Sofia er død. Jæger les brevet:

- Ja ha, sa han da han hadde lese det. No er a mor død.
- Ja men står der det? sette Johan i.
- Jæger retta brevet til han, men han tok det ikkje.
- Eg visste da det der brevet kom ein gong, mumla han.
- Vi har no sjøl gjort det, svara Jæger, og så rodde dei.
- Arne og Sebulon greidde seg for gråten til dei kom for seg sjøl. (30)

Desse replikkene viser at Johan og Jæger påtek seg skuld for at Sofia er død. Det vitnar om at dei har ei problematisk sjølvoppleving med rot i deira eige kaotiske kjensleliv. Noko reelt grunnlag for skuldopplevinga finst ikkje. Lesaren vil gjerna frikjenna gutane, truleg forfattaren òg. Men hans ærend er ikkje juridisk-moralsk, men psykologisk. Psykologisk er skuldkjensla grunngjeven i ein episk samanheng der angst, seksualitet, frigjeringsstrang, pubertetsfantasier og død blir vovne saman.

Det er ikkje så underleg at seksualiteten blir endå meir problematisk for gutane i Olsøya etter dette. Seinare i livet finst det to sentrale komponentar i seksualiteten når han melder seg, særleg for Johan og Jæger, men òg for dei to yngste. Den eine komponenten er angst og tilbaketrekking. Den andre komponenten er, ikkje uventa, regresjon - lengsel attende til ein harmonisk, kvorven tilstand, til infantiliteten. Regresjonen inneber samstundes unnaviking frå eit "normalt", "vakse" forhold mellom to likeverdige partnarar. Det er i dette lyset ein må sjå dei kompliserte og merkelege mønster som blir avdekte når gutane blir så gamle at dei

tykkjer dei bør gifta seg. I desse mønstra viser det symbiotiske i fællesskapen mellom brørne seg sterkare enn i noko anna forhold og vitnar om ein stor ufridom.

### 2.1.2. Borghild-episóden.

Den første kvinna i livet til gutane etter mora er død, er tenestejenta Borghild, som "overmannar" dei alle og blir objekt for deira fantasiar. Dei regressive mønster ligg tydeleg i dagen:

Ho var finaste bymenneske, men ho var høgt over det og. Berre ho såg på ein vart ein ørliten og snudde seg unna. Større var ho enn andre kvinnfolk, og så kvit på halsen og så raudlett i kinna, men det var auga hennar ein minst kunne stå seg imot. Og enda var dei berre blåe. Ho heitte Borghild. Ho smilte når ho snakka til ein. Ho var god. (36. kursivering her)

Dei to eldste dreg på fiske i været denne vinteren. Begge tenkjer på Borghild, men ingen av dei talar om det for den andre, dei vik unna open rivalisering. Og det viser seg at dei har farlegare rivalar. Borghild er trulova med ein fyr-assistent som gjestar henne i Olsøya medan dei er borte. Han ligg ho jamvel i lag med. Dette får Johan og Jæger vita den kvelden dei har sprengrodd heim frå vinterfisket med fantasiar om å gje henne dobbelt løn. Dei reagerer mållaust i første omgang. Aggresjonen ligg like under overflata hos begge, men slik at dei begge òg prøver å projisera sine kjensler over på den andre:

- Når du ikkje banna no, Johan. fer det gjennom Jæger.
- No kunde du flire no, Jæger, tenker Johan. (37)

Når dei så kjem i hus og møter Borghild er dei atter små born: "Auga hennar og heile menneske, var enda vakrare enn før. Ho var det gode sjøl. Og dei var smågutane hennar, og ho visste ikkje kor vel ho ville stelle for dem" (37 f. Kursivering her) Seinare i same sekvensen, etter dei òg har prøvd å gjera opprør og jaga Borghild utor huset i beisk sjalusi, men har teke det i seg att, møter me det same mønstret:

Ho såg opp og smilte, litt forundra. Dei måtte sjå ned ein for ein. Det hadde aldri vore rarare å stå attmed henne (...) auga dei låg over gutane og tok rundt omkring dem. Så lo ho, og knepte hendene kring kneet. Ho lo ikkje som andre, det var einkvart utrulig godt som dirra i det låge, djupe målet hennar." (38)

Borghild er her erotisk objekt og samstundes ein morsfigur for dei, og dei kan ikkje nå henne som kvinne. Det finst òg andre signal i den episke samanhengen om at det er mønstret frå forholdet til mora som blir repetert. Me har før nemnt at mora fekk ei dotter med drengen Kal, - halvsøstra til dei to yngste gutane, Jørgina, som elles får lite omtale i boka. I den episoden som handlar om det, viser dei eldste tydelege ødipale reaksjonar. (Jfr. s. 14) No hender noko av det same med Borghild. Ho skal ha barn med fyrassistenten, utan at dei har merka tilstanden. Borghild dreg frå Olsøya til Skin- narøya når det nærmar seg. Alle fire gutane og Jørgina dreg etter og der får dei vita om det nye gutebarnet som har kome til verda. Dei reagerer med aggresjon og depresjon, som dei prøver å dekkja over med lystig snakk. Johan ser ut "som når det var nyst før han slo" (39), står det, men han seier: "Rettno er vi da både døypt og konfirmert" (39). Det kapitlet der dette blir fortalt heiter òg "Konfirmasjonen". Eit par små avsnitt av det handlar òg om konfirmasjonen til Johan og Jæger, men Borghild-episoden tek mykje større plass i teksten. I det perspektivet me har rissa opp kan ein òg tolka kapittelittelen nettopp som endå eit signal om korleis mønstret blir repetert og stadfest i hugen deira og at dei gjennom denne hendinga med Borghild blir bundne fastare til det infantile, og til ei livskjensle der seksualitet og nederlag høyrer saman i deira umedvitne.



## 2.2. "Vaksne karar"

### 2.2.1. Unge år.

Det infantile, regressive mønster i Borghild-episoden, blir det konsekvent nok gjeve signal om også seinare i boka i bolken "Vaksne karar". Det er etter at Johan, den eldste av brørne, har gift seg, med Johanna i Freøya. "Kveitebrødsdagane" blir skildra på denne måten:

Sebulon hadde tenkt å gi seg i skole om hausten, han hadde for lett for seg i bokvegen til å sitte på eit skjer. Men det gjekk han som dei andre. Dei fann at skjeret var merkelig å sitte på etter at det hadde komme kone dit. Dagane gjekk på ein annan måte, så tankane vart sittande fast i det. No skulde Johanna styre dem alle fire, slik ho hadde hug og hand til det. Ho var ei ny Borghild i huse. (55, kursivering her.)

Forholdet mellom Johanna og brørne er frå første stund eit underleg forhold. Ho blir eit offer for dei uløyste konflikthane mellom dei og i dei. Utan at dei veit det sjølve, bruker dei henne som eit slags skiljemynt i ein freistnad på å kjøpa att sin tapte barndom og sin barnerett, og dei gjer henne òg ulykkeleg. Me skal sjå litt nærare på dette forholdet, og mykje av analysen heretter blir samla om det.

Johanna blir deira store felles kjærleik. Men det går mange år før nokon av dei torer nærma seg henne. Desse åra er snøgt og knapt skildra i kapitlet "Krig" som fortel om tida frå 1907 til 1915. Dei arbeider og slit for livberging og løn, i fellesskap og konflikt. Dei avviser tanken på vanlege vaksne samlivsforhold i sitt samfunn, som ekteskap. Dei søkjer identifikasjonsfigurar i Alexis Kivis roman Sju brøyr, som alle kjenner seg att i, bortsett frå Sebulon (42). Og dei sukkar oppgjevne då dei kjem til kapitlet der også dei må gifta seg:

- Jaså det gjekk slik ja. - Kva da? - At dei måtte slutta med all moroa og ta og gifte seg. - Å, dei kryssar seg vel fram gjennom det på den måten òg. - Aldri! Og eg, - Johan slengte garnbindingen -, eg giftar med ikkje! Forbanna om eg det gjer nei!" (43)

Likevel får me inntrykk av at dei svirrar om tanken på andre samlivsformer som møllen om lyset. Og dei har nok sine løynde seksuelle forhold som den eine ikkje talar med den andre om. "Det var ikkje eingong noko å snakke om at Johan gjorde seg så mange byturar i denne tida, han hadde erend, oftast", heiter det (47). Men seinare. på eit kritisk punkt, er det nok resultatata av desse byturane som dukkar opp. Liksom Peer Gynt møter den grønklede i ein ny variant når han skal etablere sitt forhold til Solveig, kjem ei gravid byjente til Johan med krav like før han skal gifta seg. (53-54)

Det er heller ikkje unaturleg å tolka det slik at den løynde seksualiteten er eit viktig grunnlag for den angsten dei kjenner i ungdomsåra. Den er delvis voven saman med domedagsførestellingar og forventning om straff:

- Men så kom der ein mann på stolen og snakka om dem:  
dei som levde i synda og streva seg ned i eit visst  
helvete. Dei skulle møte Jesus ein annan dag, men da  
kom han i skya -

(...)

"Tänk om dörren stänges till  
när tillslut du komma vill?

O, vad kval där blir på dommens stora dag!"

Ja, den dagen var ikkje å komma unda. Dei kom seg ikkje herifrå eingong. Og dei, som aldre hadde tenkt på det før, at der fanns noko som heiter kval!

(...)

Så seier Jæger til Johan: - Når du ikkje sprakk no, da sprekk du aldri! - Ikkje før den dagen eg giftar med, nei, svara han, - han var kvit. (43-44)

### 2.2.2. Johan - Jæger - Johanna. Trulovinga

Den dagen då Johan gifter seg kjem altså likevel. Før det hender, er det eit underleg samansett spel som går føre seg mellom brørne, spesielt dei to eldste, Johan og Jæger. Angst og unnaviking, fortrengd maktkamp og underkasting ser me hos begge to i denne samanhengen, også hos Johan som "vinn" maktkampen, for han blir meir styrt inn i "sigeren" av påtrykk frå brørne enn av eige initiativ. Dei regressive mønstre viser seg også i valet av "objekt" for felles kjærleik og maktkamp. Johanna. Ho er den første jenta dei har kjent, det var endå møtet med henne som fekk dei to yngste gutane til å ønskje seg ei søster og på den måten framkalla dei ødipale reaksjonane hos Johan og Jæger. Johanna var ferdalag i båten for Johan og Jæger den første skuledagen og fylte dei med lykke:

Dei rodde og tagde til dei vart reint ille ved. Det var så for utruleg at dei hadde Johanna atti skotten. Gong og annan såg dei ikring seg og lest som dei lurte på leia. Men ho var då grei nok. (11)

Og på skulen tykte dei ho er vakrare enn alle dei andre:

Henne hadde dei elles ikkje set før no dei såg henne i lag med dei andre gjentungane. Dei var mest like eins alle i hop, dei var smale i andletet og så hadde dei små runde auga som høna og stry til hår; og alt dei skråla og sa når dei slapp ut! Johanna ho hadde smale brune auga, og i eine kinnet der hadde ho eit merke som vart til ei djup dokk når ho smilte eller lo; og andlete hennar var mest breiare enn det var langt, ho var vakker å sjå på. (12.13)

Johanna er også med den dagen gutane får si pubertetsinnviing (jfr. s.15), og ho er objekt for deira erotiske tilnærming og fantasiar då, særleg for Jæger:

Johan var galen, han spurte med ein gong om ho ville bli med inn og danse. Johanna vart enda meir raud, såg først på foreldra og så på Johan, - sist såg ho på Jæger: Nei, danse kunne ho ikkje, og dertil så gjekk ho for presten i sommar? (...) Men Jæger gjekk ifrå dem, oppgjennom tjukkaste slåttenge. Han kunne ikkje

anna, han måtte synge, for det var han Johanna hadde set på. (...) Jæger råkete Johanna i lag med eit par andre unggjenter. - Eg dansar ikkje eg heller nei, sa han. Auga hennar vart rart modige, når dei opna seg og såg på ein. (25, 26. 27)

Såleis representerer den vaksne Johanna på ein måte kontinuiteten i deira erotiske liv og er ei kjenslebru attende til både barndom og gryande pubertetsseksualitet. Og no i ungdomsåra, Johan er alt 26-27 år, er begge dei to eldste like forelska i Johanna. Det er faktisk kjensleknutane i samband med det som er årsak til det oppgjeret dei har med Sebulon, og som blir så lagnadstungt for han. (Jfr. s.42f) Johanna bryr seg mest om Jæger og vil ha han, går det fram av teksten. Men han vik unna og kan ikkje få seg til å ta initiativ overfor henne for sin eigen del. "Frivillig" gjev han avkall på henne, av omsyn til broren, for han veit at "han var ikkje frisk lenger" ved tanken på Johanna, som Arne seier (48). Og Jæger går til Johan og krev at han skal gifta seg:

- Det er ein ting vi har snakka om, vi brørne dine: At no får du ta til vettes og gifte deg. Ein gong må vera den første gongen. Ja, for det er slik med det, at vi ville gjerne gifte oss vi og. Arne har alt ei gjente fast, og Sebulon har både ei og to, veit du.

- Enn du? spurte Johan, med auga i Jæger.

- Eg? Ja, for resten, eg skal vel finne meg ei. Men giftar ikkje du deg, som er høvesmannen, så giftar ikkje vi oss. Vi rømmer ifrå her. (49-50)

Deretter går Jæger til Johanna:

Johanna kom og ut. Ho var heit i kinna. Jæger går midt i vegen for henne så ho må stane. Auga blir store i henne, men så slær ho dem ned.

- No har n'Johan fria åt deg.

Det fer ein blykt over andletet hennar, og auga spring opp imot han. Det finns ikkje glans i det brune i dem. Jæger rettar seg hardt i vere.

- Ja, Johanna, du tek han, det seier eg deg. Bli ikkje bleik for det, gjente, du får ikkje likare gut enn han. Jau, du skal det, for elles blir ikkje han gift, og da kan ikkje vi andre heller gifte oss. Kunde eg danse, Johanna, så skulde vi danse ein dans i lag på det. (50)

Det kan ikkje vera lett for Johanna å forstå at Jæger avviser henne på denne måten. Men det er berrsynt at han også avviser vitale delar av seg sjølv - sine djupaste kjensler og sin eigen seksualitet. Ein kan difor godt setja etiketten seksualangst på hans unnaviking. Seksualangst er alltid eit kompleks med mange komponentar, og slik er det her òg. Eit lett synleg moment er at Jæger vil unngå medviten rivalisering med "storebroren". Det veks fram angst hos han dersom han gjer noko som han trur kan skipla den dyrt kjøpte, men alltid truga balansen mellom brørne.

"Å leva annanstads enn på Olsøya, i lag med brørne, fall han ikkje inn eingong." (51)

Dette er ein viktig del av det regressive mønster i samlivet, som må ha samanheng med lengselen etter ein kvorven harmoni i ein tapt barndom. Både forholdet til Sofia og til den verkelege mora til dei to eldste, som døydde då Jæger knapt var årsgammal kan ha med dette å gjera. I forholdet til Sofia ser det ut til at Jæger har skaffa seg kjærleik og føremoner ved å vika unna og halda seg for seg sjølv: "Ofte hadde det gjort henne vondt at han heldt seg så still og så langt unna henne. No var ho glad for at han var slik han var; det var meir vett i han enn nokon kunde tru." (8)

I det heile er Jæger den intelligente, som får både ros og sjølvkjensle meir gjennom refleksjon enn gjennom handling. Han er òg den som instinktivt kjenner og gjev ord til angsten om samanhengen mellom pubertetsseksualitet og det at Sofia dør ifrå dei: "Vi har no sjøl gjort det", seier han då dei får brevet om at ho er slokna. (30)

Ein viktig komponent i Jægers reaksjonsmønster er den hemmelege fantasien om at det løner seg å bøya seg og vika unna. I hans løynde refleksjonar får han tilbaketrekkinga til å sjå ut som ei moralsk handling med "pasifistisk" perspektiv. Me kan likevel våga den påstanden at hans angst også er angst for eigen aggresjon og rivaliseringsvilje som han prøver å støyta bort fordi den kjem i konflikt med og trugar den harmonien som er mål og norm for samlivet på Olsøya:

Nei, tenkte Jæger. Ta henne ifrå bror min kunde eg ikkje. Da vart eg ikkje lenger glad i henne; da var eg ein krigsmann. Og kor skulde vi ha gjort av oss?

Å leva annastads enn på Olsøya, i lag med brørne, fall han ikkje inn eingong. Han tenkte berre det han hadde tenkt så ofte, at det å vera til kunde bli for vrient for eit menneske, men ein kan ikkje ta til rømmings for det. (50-51)

Men den underliggjande maktkampen kjem likevel til syne, likeins den hemmelege vona om siger over storebroren:

- Brør slaktar brør, men bror slaktar ikkje bror! kvad han for seg sjøl. - Og trur eg nok, så får eg henne enda. (51)

Og til Johan seier han, då han har fortalt om sjølve frieriet som enda med at han fekk det ja som Jæger hadde pålagt Johanna å gje:

- No får eg seie som du Johan sa, den gongen krigen braka laus. - Kva sa eg da!? - At det skulde bli artig å sjå kven som vann, sa du. (52)

Så skjer det at frukta av Johans kjærleiksliv og seksualitet utanfor samlivet med brørne, viser seg. Like før bryllaupet skal stå, etter at brørne i fellesskap har bygt om huset og pynta omkring det til festen, kjem ei gravid byjente med krav på Johan. Det får ei løynd glede og fortrengd von til å vakna i Jæger:

Det var mange tankar som tok etter Jæger med han stod der og tvistirde på broren. Var det verkeleg så at ho Johanna kom til han no? Synte ho seg no, den høgare makta som han hadde vona på. Ja, men enn han Johan da? - Han kan ligge der han ligg! svara det i han. - Umulig! sa det. (54)

Det høyrest moralsk og omsynsfullt mot Johanna når Jæger no tvingar Johan til å dra til Freøya og fortelja henne alt før bryllaupet. Elles så "har du ikkje fortent henne. Da skal du ikkje ha henne", sa han (54). Men dei moralske perspektiva i dette må haldast saman med det me veit om Jægers hemmelege draumar om siger.

Johanna tek imot Johan likevel. Ho er frå før så såra at ho ikkje græt eingong (55). Jæger har oppnådd to ting. Han har

"frivillig" gitt henne til broren for på den måten å oppretta "harmonien" som alle på Olsøya leitar etter, og det har han gjort utan å engasjera seg sjølv i vakse samliv. I sin angst lever han gjennom mellommann. Samstundes har han såra forholdet mellom Johanna og mellommannen (Johan) på ein slik måte at det der seinare viser seg å bli bruk for Jæger som mellommann - utan "ekteskapleg ansvar".

Jæger som aldri har dansa før, gjer det på Johannas bryllaupsdag. Utan å vera full, syng han si vise frå puberteten: "Kom skal vi vandre til Kari-Marista-ha-ha-ha-ha!" Skildringa av dette bryllaupet er eit stykke meisterleg ironi. Idyll og lykke på overflata, men lesaren kan lett spora det fortregnde som ligg like under og trugar lykka. Yngsteguten Sebulon, som umedvite har mykje "kunnskap" om fortregnd rivalisering, underkastning og lengt etter sjølvstende på same tid, og som samstundes tilliks med dei hine trår etter den fellesskapen som blir realisert gjennom dette bryllaupet, forstår mest av kva det er som går føre seg. Men heller ikkje han kan tala om det:

Johan var lykkeleg, og brørne ikkje mindre, særleg Jæger. Han drakk seg ikkje full, men han song så det svara frå vegger og berg. (...) På slutten var han fram og dansa!

Sebulon hørte på han og vart kald all igjennom. Det vart ein uhugleg dag framfor han.

Johanna var lykkeleg ho og. Ho var så vakker og still, og først Johan såg på henne, vart auga rare i henne.

Ho gret ikkje i kirka, ja ho gret mest ikkje da ho sa farvel med mora og faren heller.

Og så bar det til å vera dronning i Olsøya. (55)

### 2.2.3. Johan og Johanna. Ekteskapet.

Ekteskapet mellom Johan og Johanna er nesten dømt til å bli mislykka. Det er ikkje eit forhold mellom to vaksne menneske som fritt har valt å leva saman, men resultat av eit kompleks av brorsbindingar. Dei tre andre er nesten gifte med henne dei òg, og det kan sjå ut til at Johan òg helst vil ha det slik: "- Det er reint som de er gifte de og no, flirte Johan. De er medgifte - ja er det ikkje noko som heiter medgift da?" (56) Jæger og Arne og Sebulon dyrkar Johanna, dei gjev henne gåver og er fulle av omsut for henne: "Nei, henne var det ikkje råd å reise ifrå." (56) Men når dei dyrkar henne, dyrkar dei sine eigne regressive mønster og lengsla etter den tapte harmoni. Dette fører inn i konflikt med den vaksne delen av Johan, som trår etter sjølvstendig liv, men ikkje kan tileigna seg det, fordi han òg er like bunden til brørne som dei til han. Korleis det seksuelle samlivet mellom Johan og Johanna er, veit me ikkje noko anna om enn at dei får ein son sommaren etter bryllaupet. Men lite tyder på at det kan vera noko lysteleg samliv. Teiing og såre kjensler ser ut til å dominera i forholdet. Slik kan Johan tenkja:

Denne giftinga hadde gjort han hårsår så han kunde skrike for ingenting. Dei var frie karar og for dit dei lysta, på festar og i godt lag - kvifor gifta ikkje dei seg? Og kvifor nemnte ikkje Johanna denne ungen i byen som han betalte for? (58)

Viktig for forståinga av forholdet er sjølv sagt trekanten Johan - Johanna - Jæger. Kor viktig det er, torer ikkje Johan sjå, han fortrengrer det heller:

Men sjølve såre, at ho kanskje var likeglad om han, det torde han ikkje sjå. Han hadde trudd ein gong at det var Jæger ho vilde ha, og sia hadde han flirt til



det, for så bakvendt var ho da ikkje heller. Kvinnfolka skulle ein helst ikkje tenkje på. (57, kursivering her)

Men av og til må Johan likevel tenkja på dette forholdet og beiske svartsykja får ord. Ein gong reiser Jæger til byen og kjøper klede til Johanna utan at Johan veit det. Då Johan får greie på det, stig han i vegen for Jæger:

- Jaså, du held på og klær på kjerringa mi, du, sa han. Han var mørkraud i andlete. - Ja, skal du ikkje ha bank no så veit eg ikkje! - han hogg Jæger i trøye-kragen og rista.

Jæger tagde, men heldt auga i hans. Så sa han midt i syna på han, eit lite, kaldt ord:

- Tosk. (59)

Johanna blir sjuk. Det er tæring. Ho kjem på sanatorium, frisknar til og vender heim att hausten 1919. Forholdet mellom henne og Johan blir kanskje litt betre etter sjukdommen, han er meir vyrk for henne, men det er dei andre òg. Og forholdet er ikkje forløynt, symbiosen varer ved. Johan kan nok snakka til dei andre brørne om at dei òg bør gifta seg, men det er tydeleg mykje i han sjølv som vil halda fast på tilstanden som han er. Det kjem nokså tydeleg fram då alle fire brørne er i byen og skal henta heim Johanna. Dei tre tykkjer Johan skal gå og møta henne åleine først. Men Johan seier klårt frå: "Nei, vi går og finn henne alle fire no, ikkje noko tull." (60) Og då dei kjem til Johanna, seier han: "Ja, og så har eg dei her med meg, medgifta mi, eg kunde ikkje godt sette dem att heime heller." (60)

#### 2.2.4. Kjærleik, regresjon, død. 1.

Johan lir nok meir i det uforløynte ekteskapet enn han viser. Han er djupt splitra og har ikkje heilt forhold til nokon. Det er mot denne bakgrunnen ein må sjå at han den tredje januar 1920 går seg på sjøen og held på å drukna. Han karar seg i land, men pådreg seg lungebrune og døyr ikkje så mange dagane etter. Små signal i teksten viser at denne handlinga

ikkje er ein slump. Det er vel heller ikkje noko nøye planlagd sjølvordfreistnad som er mislykka i første omgang, men ein resultat av mange forvirra tankar hos Johan og ei kjensle av skort i livsevna.

Først fantaserer Johan om Johanna: "Sprang eg på sjøen, sprang ho etter." (62) Dernest inviterer han henne til å vera med og leite etter rak. (62) Han går utan henne, saman med Sebulon. Dei to skil lag og går kvar sine vegar. Sebulon kjem snøgt heimatt. Dei andre spør etter Johan og får til svar: "Å, han skulde venteleg nord i Klipa og drepa seg som han plar gjera." (63) Og nettopp der finn dei han, forkomen og dyvåt på sleipe skråberget. Kva som eigenleg har hendt veit me ikkje, men Duun viser ein tydeleg samanheng mellom det livstrøytte hos Johan og denne hendinga som fører til at han dør. Og livstrøytteleiken er framstelt som ein funksjon av dei kompliserte kjensleforhold i ekteskapet og mellom han og brørne. Det er òg tydeleg i dei siste orda Johan seier. Han ligg og talar i ørska mot slutten: "- Gutungar! Slepp meg! låg han og sa. Reiser de ifrå meg! klaga han seg." (64). Desse orda viser noko av det tragiske i hans livstilhøve, både at han gjerne vil vera fri, og at han samstundes er full av angst for at dei han vil frigjera seg ifrå, skal forlata han. Bakgrunnen kan godt vera ein separasjonsangst med rot i tidlege barneår. Poenget i vår samanheng er at denne angsten òg har bestemt hans forhold til vakse samliv. Han fekk aldri noko heilt samliv med Johanna. Ikkje berre kjærleik og regresjon, men òg kjærleik og død kjem til å høyra i hop for han.

### 2.2.5. Jæger og Johanna.

Då Johan er død, slåst Johanna med skuldtankar. Ho rettar klagemål mot seg sjølv for at ho kanskje ikkje har vore som ho skulle mot han. (65) Det er rimelege og urimelege tankar på same tid, Urimelege fordi ho, meir enn nokon annan, har vore skuldlaust offer for eit regressivt familierollespel ho knapt kan forstå. Rimelege er dei fordi ho sjølv sagt veit at det ikkje var Johan ho var glad i då ho gifte seg til Olsøya, men broren Jæger.

På ein måte gjer det ingen skilnad for dei tre brørne som lever att på Olsøya at Johan er død. Dei held fram med å søkja sine gamle mål, med Johanna som reiskap og objekt: "Dei fór ikkje åt være denne vinteren. Dei hadde lita tru på fisken, og enda mindre på prisen. Alle tre visste at det var Johanna dei ikkje kunne reisa ifrå." (64) Men samstundes saknar dei òg Johan som var den eldste:

Andre vendingen tok stormen imot dem, vestavinden, og sjøen reiste seg og sa nei. Da merka dei at dei var åleine i båten. Dei la seg for og bia, vilde sjå om dette var ålvör. Dei syntes dei hørte måle til Johan, når han såg vere i andlete og song: "Vær glad når far din veier!" - han kunde ikkje meir av den stubben. Ja ha, sa Jæger, slik er sjøen. Dei visste det alle tre, at no hadde dei ikkje Johan til å sjå han for seg. (66)

Endå om dei alle er "forelska" i Johanna, høyrer det med til mønstret i deira fantasiar og målet for dei, at dei vil etablere eit felles forhold der den eldste skal gå inn i ei "farsrolle" og bli mann for deira felles dyrkingsobjekt "mor" - Johanna. I alle fall opplever Arne og Sebulon det slik:

Det gjorde oppreist i Arne og Sebulon, at slik kunde det ikkje og skulde det ikkje gå. Den eine kom seg ikkje til å nemne det for den andre, og langt mindre seie det til Jæger, Men ein kvelden dei to kom heim etter eit langvarig dansarlag, fekk Sebulon nåden til å seie det utan at han hadde tenkt på det.

Jäger sat og las, og dei to andre gjekk eller stod borti stua og tagde. Det vart stillare og stillare, enda ingen hadde sagt orde på lenge. Ute var det grått og vindstilt, men snøtyngd og snøbrak i lufta. Arne blistrar ein stubb og går på loftet. Da ser Jäger opp på Sebulon. Og så seier Sebulon:

- Ja, no får det vera din tur. Jau, Jäger, du skal gifte deg med henne. (67)

Jäger frir til Johanna, dei to som har vore glade i kvarandre i årevis, kan endeleg møtast. Men forholdet er ikkje fritt, og det er merkt av det frå første stund. Jäger har før unngått henne i angst, den kvelden han frir, er første gongen ho sit på fanget hans. Før har han "frivillig" gitt henne til ein annan mann, og det gjer at det må liggja noko spenningsfylt i heile deira samliv frå første kvelden:

Ho vekte han midt i det: - Trur du vi blir lykkelige da?

- Eg har slutta med å tru. Eg spår ikkje ilt eingong. Berre eg såg deg glad att!

- Ja men, det gjer du da no.

- Lat meg sjå.

Ho bøyde vekk andlete, men ho kom tettare innåt han.

- Eg trur ikkje enda at det er sant at eg sitt her. (68)

Også etter at dei har vore i byen og blitt vigde, kjenner Johanna uroa i seg:

Da dei var heimkomne, og brurfolke hadde vorte for seg sjøl, snudde Johanna seg til Jäger med ein liten lysdæmd blunk: - Var det berre derfor du tok meg? - Kva da? - For det du syntest synd på meg. - Kven kan svara på slikt da. Men du kjem da i hug meg frå den tida du var lita? Frå før? Det var oss to, veit du. Vårherre veit meir enn det han. At det var hardt for meg å gå her. Og eg veit enda meir: At det var gale du slapp frå meg den gongen. Det er ikkje ugjort, det.

Enno var ho blankøygd og smått lo. - Men enn no da? spurte ho og vart raud. - Spør du no att? Du er da ikkje frå byen eller frå bøkene du? - For visst du ikkje var glad i meg, så - ja no er det for seint, er sant. Ho lo da det var sagt. - For seint ja. Vi har lagt frå land no, Johanna, vi har segla lande under vatn, som vi seier utpå bankane. (69)

Det går ikkje godt. Få månader seinare blir Jæger sjuk. Det viser seg å vera tæring. Det er ein "naturleg" sjukdom, men sjukdommen er like mykje eit symptom på og ein symbolsk representasjon for den svarte angst som syg ut Jægers livskraft og gjer han ute av stand til å vera heil i forholdet. Arne reiser straks heimanfrå, Jæger trur det er av redsle for å måtta overta Johanna etter Jæger - og mykje tyder på at det er slik. Rett nok har han vore like bunden til henne som dei andre brørne. På den andre sida høyrer det med til han mønster og rolle i syskjenflokket å leva i opposisjon mot dei. (Jfr. s.11)

Sebulon derimot blir gåande heime, også medan Jæger er sjuk. Johanna og han blir no drivne mot kvarandre i ein blind elsk på avstand først. Begge veit om dei kjenslene dei har for kvarandre. Og Jæger veit det. Han skjønner òg noko av den "mekanismen" som ligg bak, at Sebulon kan representera både Johan og Jæger for Johanna og gje henne eit fattig vederlag for det "svik" ho i røynda har vore utsett for då Jæger i sin angst gav henne over til Johan. Det er lagt opp til det tidlegare i romanen i karakteristikkene av Sebulon:

Sebulon var det omsnudd med. Johan og Jæger var like høvt for han, og så var han snart den eine og snart den andre av dem, og Arne var ein konstig ein som han og skulde ha vore. Den dagen måtte vel koma at ein var dem alle tre. Da vilde han sjå dem i auga, for kva var dei i grunnen? og så vilde han snu ryggen til dem og gå. Dei burde ha visst om det. (41)

Denne karakteristikkene viser òg at Sebulon ikkje berre representerer Johan og Jæger, men at den sida ved han heng saman med trong til sjølvhevdning og viser såleis inn til den kompliserte maktkampen mellom brørne. Den som har minst "makt" av dei og som vik mest unna, er nettopp Jæger. Og ekteskapet blir det endelege "provet" på det:

- Men om ho gjekk frå deg? Ho gjer det ikkje. Og den som er sterk nok han kan bøye seg; du har da teke deg me i det før. Johan ja, han var ikkje sterk nok til å bøye seg. Sebulon bøyer seg gjerne for alle, og Arne for ingen, men det går blindt for seg. Kvifor ser Sebulon meg så lenge i auga? (72 f.)

Denne tankerekkja finst før Johanna fortel om dei kjenslene ho har for Sebulon. Då Jæger får vita om dei, heiter det:

Jæger såg seg sjølv, ein lang og skranglen kropp, han var ikkje bein i ryggen eingong, og tynn og tveraksla, andletet var beinbert og gråbleikt, og auga fanns der ikkje ungdom i. Han såg Sebulon, men Johanna snudde seg til han i det same og snakka til han. Da sa han:

- Slik tenkte du på meg ein gong. Nei, du skal ikkje gråte, eg har fått meir enn eg vona den gongen!

Gret gjorde ho heller ikkje, ho tok berre ein to-tre hikst:

- Eg kan ikkje nekte for det - eg kan ikkje skjemmaast ved det - eg kan inga råd for det!

- Ho kan ikkje synast synd i meg så gjerne ho vilde, tenkte han.

- Her sitt vi, Johanna, og jorda går sin gang, og sjøen arbeid med sitt, i evig fred. Han Sebulon, han er både Johan og Jæger for deg, herre min gud kor eg veit det!

Samstundes visste han at ein mann som snakkar slik, han er ingen mann for ei kvinne; han kom i hug naturlæra, krefter og spaning og slikt, sanne ting enda han ikkje skjøna dem.

Sant ja. Sant er eit hardt ord. (74)

Dette er et bilete av den impotente mannen. Jæger er liksom margstolen. Han vantar evna til å vera heil, og han ser sjølv si maktløyse og evneløyse overfor Johanna. Eit par dagar etter dette, versnar han, Johanna bed han leggja seg og det heiter:

Endelig gjorde han det, for det bar til med vestaver og full haust. Da kjente han at han kom ikkje opp att meir.

- Det var lettaste måten å bøye seg på, fall det han inn. Johanna sat i kammerse hos han kvar stunda ho hadde til det. Ein kvelden sa han:

- No ligg eg her, Johanna, der eg skal ligge.

Ho var ikkje i stand til å sjå opp.

- Tæringen er ein tenlig sjukdom. Han hjelper den

som har godt av det. Han gjer vel imot oss.

- Ja men du kjem da opp att? Har eg teke livet av deg da?

Han smilte og rista på hovude. Stilla kom over dem. Der var ingen ting å seie. (75)

Jæger lever til frampå vårparten året etter. Da har Johanna og han vore gifte i drygt eit år. I mellomtida har Arne, som for ei tid "rømde" heimanfrå, kome heim - trulova med Aletta, og Jæger peikar ut Sebulon som sin "etterfølgjar" hos Johanna før han døyr. Men det er nesten gjort umogeleg at det kan bli noko forhold mellom Johanna og Sebulon, etter som ho er martra av skuldkjensle, nettopp fordi ho har mjuke kjensler for han. Difor møter ho Sebulon på ein slik måte at barndommens kjensle av å vera avvist vaknar hos han att og gjenom det blir han fasthalden i vonde, infantile reaksjonsmønster som skræmer henne:

I det samme han tenkt på Johanna kom ho ut til han.

- Er det her du står?

Han snudde seg og tok omkring henne, tok kinne hennar innåt sitt.

- Ja, Sebulon! klaga ho seg. Eit lyn skjein opp, og enda eitt. - Men kjære deg du må sleppe meg, bad ho. For hans skyld!

Han slepte henne med ein gong. - For hans skyld! mumla han, det hadde gått eit par verblink att. Han stod vaken men nåmen. He! støyte han fram, han var tørr og grov i måle. He! det eine menneske skylder ikkje det andre noko! Eg går aldri med på det. Men: eg kan gå med på det lel, frivillig.

Ho kom seg ikkje inn før ho hadde set andlete hans i lynglimten. - Er det ikkje slik du er! kviskra ho forfæld. Ho såg det lenge etter, like uhuglig, og hørte orda hans. Enda kunde ho ikkje få han utor tankane. Det kom helst når ho sat inne hos Jæger. Ho kjente han såg det på henne. Det kunde visst ikkje bli vondare no. (75)

Noko av det me ser i dette sitatet er korleis det går med det ømme hos Sebulon når han byr det fram til ei han er glad i, Han blir då minna om dei hierarkiske mønster i syskenflokken og at han skal bøya unna for det dei andre krev. Han kan heller ikkje lata vera å gjera det, hans reaksjonar

er ein tvang, og difor klamrar han seg til at han handlar av fri vilje.

Sitatet seier at Johanna tenkjer at det ikkje kan bli verre, men det heiter vidare: "Men det vart det, etter kvart som det gjekk nedover med Jæger. Ho kunde ikkje vera derifrå, ho syntes det ropa på henne kor ho gjekk eller kva ho gjorde, og når ho var i døra vilde ho snu, for det var ikkje til å sjå på kor sjukdommen og døden for med han." (75) Da han så endeleg døyr heiter det:

Likevel tok ho handa hans da han døde, og kyste panna hans til farvel. Ho sette fingeren på augnelokka hans og trykte dem ned. Tennene hans var ihopbitne så ho hadde vondt i dem lenge etter. Da snudde ho seg og stirde tomt på Sebulon:

- Det er eg som har teke live av han.

Sebulon stødde henne ut av kammerse og inn i litlestua. Ei stund stod han der, og ho sat. Så gjekk han utan eit ord. (77)

Med desse orda endar saga om Jæger og bolken "Vaksne karar". Tittelen kan tolkast ironisk. Det som til fulle blir demonstrert i desse kapitla, er at dei vaksne Olsøygutane i ein forstand ikkje er vaksne, men heng fast i sin barndom. Hovudinnhaldet i denne bolken er det erotiske livet til gutane. Og det er forknytt og ufritt, både før nokon av dei inngår "normale" samfunnssaksjonerte samlivsforhold og etterpå.

#### 2.2.6. Kjærleik, regresjon, død. 2

I samband med omtalen av Johans død påstod eg at Duun i den skildringa bind saman ikkje berre seksualitet og regresjon, men også seksualitet og død. Kapitlet "Jæger" understrekar og vidarefører den førestellinga at i denne verda høyrer "kjærleik" og død så å seia organisk ihop. Bakgrunnen for dette er det underleg samansette me har sett i erotikken/seksualiteten til gutane. Til no har me vist dette spesielt i samband med dei eldste, som hittil har vore hovudpersonar i romanen. Dei kjenslene som finst innafor dette området er bundne, "fikserte" på ein slik måte at "kjærleik" naturnd-



vendig inneber regresjon og angst. Trongen etter eit anna menneske, lengselen etter varme, seksualiteten, - det er slikt som søkjer løynde spor attende mot løynde mål - den uoprettelege harmoni.

Gutane sjølve ser ikkje desse mekanismane. Det er umedvetne krefter som verkar. Difor blir dei alle i ein forstand offer. Den som reint særskilt blir offer, er likevel Johanna, som vier sitt liv til Olsøya og brørne, men som sit att enkje etter to av dei, med djup skuldkjensle og elsk til ein tredje, attlevande bror som ho ikkje kan ta imot og som heller ikkje har evne til å vera heil i forholdet til henne, fordi det symbiotiske brorstilhøvet har merkt han for livet og gjort han fundamentalt ufri, og splitra. I den siste delen av denne studien skal me sjå litt nærare på det forholdet, på det uhyre komplekse samspelet mellom Johanna og dei to attlevande brørne.

## 2.3. "Dei to som vart att."

### 2.3.1. Hovudsynspunkt - repetisjon og perspektivering.

I den siste bolken er det færre hovudpersonar, etter som både Johan og Jæger no er borte. Likevel er handlinga meir komplisert i denne delen. Her er fleire viktige personkonstellasjonar og hendingar som det ikkje alltid er like lett å sjå nokon eintydig samanheng mellom. Det er Arne og Aletta, Arne og Sebulon, Sebulon og Johanna, Sebulon og Gottfred, bror til Johanna, og Sebulon og Rakel. Og her blir fortalt om arbeidsliv, giftarmål, frieri, likplyndring, død, draps- trugsmål og gravferder.

Den mest sentrale personen er Sebulon. Han inngår i dei fleste samhengane. I ein analyse er det naturleg å leggja mest vekt på han. Eit rimeleg innleiande spørsmål er om noko av dei forhold han er del av, er overordna dei andre. Tek ein tittelen som peikepinn, kan ein sjå tilhøvet mellom dei to brørne som det viktigaste. Det er òg i samsvar med det synet eg har lagt til grunn tidlegare i studien: Brørne lever i ein symbiotisk fellesskap og dei er styrte av ein trong til å halda ved lag fellesskapen, ein lengsel etter ein kvorven harmoni dei ikkje kjenner, men som likevel umedvite er norm og mål for deira samliv. Eg har før peikt på korleis denne lengselen blir eit problem i samlivet med andre, reint spesielt for evna til kjærleik. I dette perspektivet har eg sett ekteskapane både til Johan og Jæger, og at dei døyr. Bindinga mellom brørne oppfattar eg som eit regressivt tvangsmønster, og eg minner på nytt om den samanhengen mellom regresjon, kjærleik og død eg har prøvd å analysera fram som undertekst i dei to første delane.

Nettopp fordi handlinga i "Dei to som vart att" er så pass komplisert, kan det vera nyttig å minna om hovudsynspunktet

først. Eg ser det altså slik at dei regressive mønstra varer ved og at det heile tida også i siste bolken eksisterer ei binding mellom Arne og Sebulon. Den er sterkare og annleis enn dei kan vedgå for kvarandre og også ope sannkjenna sjølve. Det høyrer med til denne bindinga at forholdet til og minnet om samlivet med dei eldre halvbrørne også framleies er ei kraft i livet deira. Alt dette er med og verkar på deira tilhøve til andre menneske og på deira eiga evne til å utvikla sjølvstendige, "frie" forhold til andre og til å utvikla ein sjølvstendig identitet.

Når eg seier at bindinga er sterkare og annleis enn dei kan vedgå og sannkjenna, tenkjer eg særleg på den ømme varme og omsorg dei begge kjenner for kvarandre og som så ofte blir transformert til ein motsetnad, til aggresjon, tilsynelatande kulde, avvising på grensa til hat. Det høyrer med til det sjelelege særlag dei har utvikla, at dei så lite kan opna seg for kvarandre om det dei verkeleg kjenner. Styrken i brorskjærleiken ser ut til å vera tabulagd. Dette treng sjølv sagt ikkje tyda at det eksisterer nokon løynd, incestuøs homoseksualitet i forholdet mellom dei. Men brorskapen er av ein slik karakter at han på ein måte har herredøme over deira samliv med kvinner, noko som kjem særleg tydeleg fram mot slutten av boka.

### 2.3.2. Arne.

Brorstilhøvet har òg andre sider. Me ser eit mønster av løynd rivalisering og uklår sjalusi i samspelet mellom brørne. Det viser seg særleg hos Arne.

Han gifter seg med Aletta om hausten etter at Jæger er død. Men han kjenner agg av angst for at Sebulon skal ta henne frå han (95), og også for at Aletta skal vera forelska i Sebulon. "Ønskar ho han vekk, da er han mykje for henne,

tenkte Arne. Skal det gå med henne som med a Johanna da?" (98) Heller ikkje ønskjer Arne at det skal bli noko av forholdet mellom Sebulon og Johanna. (83). Dette kan ha samanheng med ei undertrykt og uklår skuldkjensle hos han for at han gifte seg med Aletta. Også Arne hadde lengta etter den urealiserte, konfliktlause harmonien i samlivet mellom brør, der ei kvinne kunne vera kone for den eldste og samstundes "mor" til dei andre, slik Johanna på eit plan fungerte då ho var gift med Johan og Jæger. Då Jæger er død, er han òg ivrig for å få henne til å bli på Olsøya, han seier jamvel til henne at "dei skulde bera henne på hendene! Der var ingen annan enn han til å seie det no; han hadde aldri før snakka seg så heit. - Eg skal la vera å gifte meg, visst det fell deg lettare å bli her da, slo han det bort i skøy". (78) Men samstundes er det eit viktig moment at det har vore Arnes rolle i syskenflokket å leva i ein uavslutta opposisjon mot brørne. (41, jfr. s. 31). Og han rømde til Aletta då det var fare for at det skulle bli hans tur til å spela dei eldre brørnes rolle i forholdet til henne. Det må henga saman med at han med ein del av seg har ønskt det, og samstundes vore redd for å bli "offer" for det regressive mønster som kravde at han skulle "overta" Johanna. Det er då Jæger blir sjuk at han reiser bort heimanfrå - og seinare trulovar seg. Jæger forstår tydelegvis dei mekanismene som verkar då:

Jæger smilte, Han såg det han ikkje vilde sjå, at Arne rømte no fordi han var redd det skulde bli hans tur til å gifte seg med enka. Forlovinga hans hadde gått over stog. Sebulon kunde komma til å seie han det midt i syna ein vakker dag: - No er det din tur. (70-71)

Det er den "forlovinga" han har fornøya då han kjem heim med Aletta. Men dersom det er ein angst som ligg under, og Arnes opposisjonsholdning ikkje er uttrykk for eit avslutta opprør mot brors-farsinstansen, men er eit tvangsmønster, pådreg han seg likevel umedvite "skuld" då han trulovar seg med Aletta. Dette gjer at forholdet mellom Arne og Aletta frå

først av er "ufritt" og det ufrie i hans situasjon dreg vekslar på hans identitet og sjølvkjensle:

Arne hadde det klårt for seg at han skulde ha vore både eldst og sterkast, slik Johan og Jæger var det. Før var det ein tråd og ei råd, at når han sa dei andre imot var han berga sjøl. No hadde han Sebulon å seie imot, men der var inga hjelp i det. Med kvart var det einvkart som tok han i nakken og tvinga han til å sjå Sebulon, ein høg og mørk ein som Jæger - kva budde der i han? Kvifor var det ansles når han tagde enn om andre gjorde det? Det at han var høgare enn Arne kjentes som eit varsel.

Sjølve det vonde smilte til han: Han var ikkje den han burde vore, - ein karakter kalla dei det. Enda det var just det han hadde meint han var. Johan ja, det var inga sak for den som var så beinkløyvd. Jæger hadde lese og tenkt så han vart tynn av det, men like vel var der noko som var han. Slik var dei alle han kjente, slik var Sebulon òg. (80)

Djupast sett kan denne rivaliseringa me her ser, tilliks med den opposisjonsholdninga Arne tidleg valde som rolle og vern om sin integritet, ha samanheng med "kampen om mora", Sofia, i tidleg barndom. Me får ein gong eit veikt signal om at Arne har ei eigedomskjensle når det gjeld henne i forhold til dei eldre halvbrørne. Etter at ho er gravlagd, tenkjer han: "men det var no ikkje mora til Johan og Jæger som var død, dei læst berre som dei trudde det" (31). Og yngsteguten, Sebulon, må han ha kjent som ein inntrengjar, endå det aldri er sagt noko anna enn at Sofia for meir varhendt fram mot han enn mot dei andre. (8) Jamvel om det er eit farlaust samfunn i Olsøya, kan ein såleis hevda at den ødipale situasjonen, mutatis mutandis, er med og formar Arnes sjølvbilet og reaksjonsmønster, også i vaksen alder.

### 2.3.3. Sebulon.

Det gjeld delvis for Sebulon òg, men på ein annan måte enn for Arne. Hans rolle i rivaliseringa mellom brørne i siste delen er merkt av at han kan spegla seg i Arnes veikskap

og han veit om at han har eit overtak på han. Det me siterte om Arne ovanfor, held fram slik:

Sebulon visste at Arne plagdes med noko slikt. - Du ser det når han slår ned augo, smilte han hoss seg sjølv. Men det hjelper ikkje deg, for no skulde du som er Sebulon vore høvedsmann både på sjø og land. Du er meir til menneske enn Arne, du kjem ikkje utanom det, han ser det han òg, men han kan ikkje tilstå det med seg sjølv eingong. (80-81)

Det Sebulon ikkje kan, er å fortelja kven han sjølv er og kva kjensler han har for broren. Det som bestemmer hans veremåte og som gjer at Arne kan oppfatta han som rival, er at han endå meir enn broren er hugkløyvd, heilt ned til botnen. Det har samanheng med mønster som må ha vorte grunnlagde i tidleg barndom, truleg ikkje minst med hans rolle som yngsteguten i syskenflokket, I tidlegare kapittel har eg vore inne på korleis hans reaksjonar ofte viser ei blanding av ein utøymande fridomstrass og ein trong, ja tvang til underkasting på same tid. Underkastingstvangen gjer han ufri på den måten at han er smerteleg avhengig av andres dom, at han prøver å leva opp til det han trur er deira norm. Samstundes er han uendeleg var for alt som kan minna om denne ufridommen. Det kan få han til å stivna i ein kulde der han kjenner seg avvist, åleine og liten, og han kan sjølv bli avvisande, bitter og hatefull (jfr. avh. s.33).

Første gongen me høyrer om det spesielt vare hos Sebulon, er før han er tre år, like etter faren har blitt borte. Sofia ser på han og tenkjer: "Ho måtte fare litt varhendt med han når ho tukta han, han kunde bli kvit og still, reint ukjenneleg i andlete, ho visste ikkje kva som budde i han." (8). Men han får tukt, også for det han ikkje har gjort, men dei eldre halvbrørne:

Folk spurte henne om det ikkje var vondt å vera styrmor, især når ho hadde born sjølv. - Det kjem eg aldri i hug utan når eg denger dem, svara ho. - Og da denger

eg dei to minste i same renne, så har eg ikkje bytta ut nokon, la ho til. (8)

Eit avsnitt som dette er fortalt med duunsk lune, men det som det blir fortalt om, må ha verka sterkt på dei det gjekk ut over. Det er mykje som tyder på at Sebulon har fått eit spesielt forhold til dei eldste, som på denne måten driv han ut or paradiset, og som litt etter litt kjem til å representera både ein brors- og farsinstans for han. Han prøver å leva opp til dei normer han trur dei har, fornektar seg sjølv og hatar dei for at dei får sjå kven han verkeleg er når han heller vil løyna det.

I tidleg barndom er han "skuldlaus" nok til å opponera mot deira aggressivitet som han ikkje har føresetnader for å forstå. Første gongen Johan og Jæger er heime ei helg frå skulen inne på fastlandet må dei tola riset for sitt beiske forsvar for livet heime i Olsøya og for mora. Då heiter det:

Arne og Sebulon heldt seg stille som mus i ei krå, for dei visste at ein slik kveld var det godt om juling. Da dei fire gutane kom bortom veggen, sa Jæger:

- Eg lurar på ein ting, eg.

- Kva da? kviskra dei to minste-

- Ja folk er vi no ikkje. Berre vi ikkje blir mordarar.

Det vart stilt bortom veggen. Sebulon kom reint på gråten:

- Eg vil ikkje bli mordar eg! Nei, hører de!

- Det er ingen som vil det, trøsta Jæger. Men ein kan miste vette - du skal akte deg. (15)

Seinare kjem Sebulon meir til å interanlisera deira normer, endå om han ikkje greier å leva opp til dei. Då dei alle fire er ute i storstormen og ventar å kollsegla, står det: "Dauen var tålig viss, og Sebulon gret." (21). Men då dei kjem i land og er berga, ønskjer han at han skulle ha vore like "hard" som dei andre:

På Sebulon synte vegar etter tårane i salte nedover kinnbeina, han visste ikkje kva veg han skulle snu seg. Han såg forhatig på brørne, han skulde ikkje tilgi dem at dei hadde set dette." (22)

På denne måten står dei eldre brørne, som han er avhengig av, som ein instans som driv han til å forneakta seg sjølv. Det er såleis noko tvetydig i hans forhold til dei som kjem til å påverka hans identitetsoppleving. Han oppfattar dei som konkurrentar om gunsten frå mora samstundes som dei gjennom si åtferd gjer henne om til ein trugande og straffande instans. Umedvite kjem han då til å manøvrera seg inn i ein posisjon som gjer at han krev vern hos dei. Det heiter såleis om guteslagsmåla i barneåra:

Arne måtte òg ha ein omgang for kjeften sin ein gong imillom. Sebulon la dei ikkje hand på. Ingen kunde vita kva han da fann på. (18)

Det spesielle i yngstegutens situasjon blir forsterka ved at han - tilliks med Arne - i puberteten berre har brørne å forma sin identitet i forhold til og gjera "opprør" mot. Som me har vore inne på prøver han å leva sitt eige framtidige liv i fantasien samstundes som han stel av deira identitet. "Den dagen måtte vel komma at ein var dem alle tre. Da vilde han sjå dem i auga, for kva var dei i grunnen?" (41)

Mykje tyder på at når han let seg forma av dei, konverterer han sitt eige opprør til angst, løynt hat og avhengigskap. Hans mest synlege opprør kjem i samband med framvoksteren av den sjølvstendige seksualiteten. Han etablerer ope kontaktar brørne ikkje utan vidare likar. Det er det som kjem fram i Olga-episoden, som me tidlegare har kommentert i ein annan samanheng. (jfr. s.12f) Det mest interessante ved den episoden er at Sebulon samtidig både markerer sjølvstende og bøyer seg for normene til brørne når dei straffar han på kroppen med fysisk vald. Ja, han solidariserer seg jamvel med den straffande instansen mot Arne som ikkje er med på å øva vald mot han, men i staden står på hans side: "Arne rørte seg ikkje og let ikkje i seg. Det gjorde heller ikkje Sebulon. - Merkelig nok var det Arne han såg mest vondt på, sia om dagane, og Johan minst." (49)



Dette viser tydeleg kløyvinga i Sebulon. Med ein del av seg "godtek" han dei normene han trur brørne har, og dermed kjem han samstundes til å avvisa ein del av seg sjølv. På sett og vis fortrengrer han sin vaksne seksualitet, med tvihug og latent angst og undertrykt aggresjon som resultat. Men det undertrykte og fortrengrde vender tilbake. I glimt dukkar denne Olgaepisoden opp for Sebulon seinare. Det skjer i viktige situasjonar der hans evne til å ha forhold til andre og å vera sjølvstendig står på spel.

Då den nyforlova Arne kjem heim medan Jæger ligg dødssjuk, heiter det:

Sebulon fekk ein styng straks han møtte Arne. Dei var vill frammande for einannan, og Arne stod og såg på den gongen dei jula han opp. Dertil tenkte han på Johanna, liksom han ville seie at no er det din tur, Sebulon. - Farvel, Johanna, mumla han med seg sjølv, - enn om ein mista vette så ein gjorde som Kain? (76)

Som me har vore inne på, har knapt Arne valt Aletta "fritt", men det kan me sjå bort frå her. - Den sterke aggresjonen Sebulon kjenner i denne episoden, let seg forstå som eit vitnemål om at han med ein del av seg misunner Arne for at han tilsynelatande står utanfor den forbanninga og ufridommen Sebulon "frivillig" gjekk inn under då han bøygde seg for dei eldre brørne den gongen "Arne stod og såg på".

Den kainske aggresjon som her rettar seg mot Arne, har nok elles ikkje han som sitt primære objekt, men er ein bodskap frå den ville beiskleik mot dei eldste brørne som Sebulon let storkna til togn i seg då dei slo. Den angsten som dreiv han til det, kan me forstå innanfor det perspektivet me har rissa opp før: Sidan dei eldre halvbrørne for Sebulon også representerer ein farsinstans i det farlause samfunnet i Olsøya, har hans forhold til dei slektskap med ein klassisk ødipussituasjon. Difor får avstraffinga for hans sjølvstendige seksualitet ein fundamental angst i han til å røra på seg. Denne angsten hindrar Sebulon heile livet i å gjera

eit avslutta opprør. Den kløyvde hugen er hans vilkår så snart ømme og varme kjensler melder seg. Det må ein sjå i samanheng med at noko at det aller djupaste i han òg er lengselen attende til den kvorvne, uoprettelege harmoni. Dersom ein definerer denne harmonien som tilstanden før rivaliseringa om Sofias gunst kom inn i verda, kan ein seia at det er brørne som har drive han ut or paradiset. Likevel er det berre samlivet mellom brør som kan representera denne umogëlege harmonien, og alt som trugar det er ein slange i lengselen etter paradiset. Dette er ei uløyseleg spenning for Sebulon, som har ein sterk fridomstrong og eit rikt kjensleviv. Alle varme kjensler for eit "objekt" minner automatisk om spenninga. Sjølvve livsdrifta i han, både sjølvstendetrongen og det erotiske livet, inneber ein organisk konflikt med harmonilengselen, og han kan ikkje vera heil i noko forhold. Jaga av tvihug søkjer han hit og dit, frå person til person for å finna noko som kan stadfesta hans vaksne identitet, "tru på" han, som han seier.

#### 2.3.4. Sebulon og Johanna.

Tydelegast ser me desse mekanismane hos Sebulon i forholdet til Johanna. Han er hjarteleg glad i henne. Rett nok prøver han å vera kald då ho vil reisa heim til Olsøya etter Jæger er død. "Meg skil det ikkje", seier han til Arne (79) Men i same stunda tenkjer han at dei orda skulle han aldri ha sagt, langt mindre tenkt. Til henne seier han at han skal koma ain dag. Han er altså i utgangspunktet splitra, også i sin kjærleik til henne. Det er nok fleire grunnar til det. Det heng saman med ei skuldkjensle overfor Jæger for at han tok hennar kjærleik frå han og samstundes kan det henga saman med eit forventa "moralsk" krav frå brorsinstansen om at nettopp difor må han halda fast ved henne. Det er rimeleg at det kan vekkja eit opprør og ein trass i han, og han kjempar ein Jakobs kamp, der både underkastinga og fridoms-

trongen er til stades samtidig:

Jäger var der, det kjente Sebulon som ein kjenner vere omkring seg. Han tok seg på tak og såg han beint i auga: du blir for veik, no Jäger, når du møter meg. Den dauen skal ho ikkje døy.

- Nei, Johanna. Han Jäger vilde deg ikkje vondt, og ikkje meg heller. Eg kjem ein dag!

I det same kjente han det åtvara han: Du ber det ikkje. Det kom utant kvelden, han låg der i vår og lys, det kom innant sjela og mørkre. Det var sanninga som tala. Men han sette seg imot det. Sjølve han. Sterkare og vissare hadde han aldri kjent seg; rett eller gale kom ut på eitt for han, men Johanna måtte han ha. Er ikkje dette ålvor for meg, så blir ingenting det, tenkte han. Han gjekk utan å seie meir. (79)

Seinare vitjar han Johanna i Freøya mange gonger. Merkeleg nok utviklar han då eit nært forhold til bror hennar, Gottfred, som han sjølv ikkje likar, og som også den eldste broren, Johan, har vore forhatig på. Også det kan ein sjå som del av eit hemmeleg opprør mot brorsinstansen. Ein gong seier Johanna til Sebulon: "Og slutta du å vera i lag med n'Gottfred da skulde eg tru på deg" (82). Då heiter det om Sebulon:

Dei orda gjorde han iskald over heile andlete. - Tru på meg! mumla han. Tru på meg? Det gjer du knapt, eg ser det no. Ikkje du heller gjer det nei. Brørne mine banka meg opp ein gong så eg skulde bli å tru på. Det er ikkje dem å takke for at det vart folk av meg. Eg vart det lel. Eg vart det no òg, visst du trudde eg var det.

Han reiste seg og gjekk, hørte ikkje kva ho sa etter han. Gjennom all hans kropp og sjel darre det einkvart han ikkje rådde med. - Dei kunde gjera meg til svikar med eitt mindre - kvifor trur ikkje du meg! han klaga seg imot vinden og mørkre, haugane svartna imot grå sky, blinde, livlause sjøen ikring det alt saman. Her måtte skje einkvart, vist eller gale, han måtte ha eit tegn.

Her ser me atter det traumatiske hos han i forhold til brorsinstansen. Når Johanna nemner noko som minner om dei normene dei eldre brørne har sett opp for han, reagerer han automatisk med ein blind aggresjon og han kjenner seg avvist,

utan å vera det. Det er Olgaepisoden han refererer til, då han vart straffa for sin seksualitet og bøygde unna med ein latent angst som resultat. I dette perspektivet er det me må sjå det som følgjer no, Sebulons febervorne søking etter "eit tegn" - etter andre som kan stadfesta hans identitet og integritet. Han vender seg først til Olga som han sveik, og blir ført i kontakt med den pur unge systra hennar Rakel, som seinare blir djupt og inderleg forelska i han. Det får Sebulon til å pendla ufritt mellom henne og Johanna og fører han dessutan inn i eit lagnadstungt rivaliseringsforhold til Gottfred når det gjeld Rakel, noko som til og med endar med ei handling på grensa til drap. Nyansane i dei sjelelege mekanismane som verkar i dette manggreina samspelet mellom personar er så fine og kompliserte at det vil føra for langt å gå inn på alle detaljane.

Men alt vitnar om den kløyvde hugen. Sebulon blir òg meir og meir medviten om den. Han talar om at han strides med maktene. Medan han sit hos Johanna, etter at ho på nytt har blitt tæringssjuk, spør ho han:

- Kva sat du og tenkte på no? spurde ho.
- På det at eg ikkje veit kva eg skal seie til deg. Eg kan ikkje fortele deg heller om det.
- Kva da? Sebulon!
- Om maktene. Eg kallar det slik. Det som riv og slit i oss. Det som fører meg hit til deg, og det som vil ha meg her ifrå. (86)

Seinare i same samtalen seier han til henne at ho er alt for han. For seg sjølv kallar han det ei livsløgn. Og kvelden etter møter han Rakel og spør om ho kan tru på han nokon gong og fortel henne at for Johanna er han alt. Det heiter vidare:

Han spurte seg kva straff det kunne vera for å snakke slik med eit barn. Jamen er det rart å vera meg no, er ikkje dette ei livsløgn så veit ikkje eg. (87)

Slik sett gjeld striden med maktene forholdet til Johanna og pendlinga mellom henne og Rakel. Det er altså kjærleikslivet og identiteten det står om.

Eit viktig grunnlag for splitringa i kjærleikslivet er, som me har vore inne på mange gonger, dei regressive mønster, og den umogelege lengsel til det kvorvne paradiset. I utgreiinga om Sebulons konflikhtar på dette området har eg til no lagt mest vekt på bindinga til dei eldste brørne, som er borte i "Dei to som vart att". Men eg har òg sagt at forholdet mellom Arne og Sebulon er overordna i denne bolken, og det er på tide å føra Arne inn att i analysen.

### 2.3.5. Sebulon og Arne.

Når Sebulon talar til Johanna om maktene, er ikkje ho hans første adressat for dei tankane. Det er Arne. Sebulon sit åleine i båten på veg til Freøya og tenkjer:

Først eit par dagar etter rodde Sebulon til Freøya. For han var det klårt og urikkeleg at han ville vera tru mot Johanna same korles det gjekk. Enno levde Jæger her, slik alle lever etter dei er døde, han hadde aldri tenkt større over det. Men det var ikkje med Jæger han måtte bitast. Johanna skulde havt det ansles enn slik. Det var umulig å leva utan han hadde gjort litt meir enn han kunde for henne.

- Arne ja, sa han med han rodde. Han kom i hug kor lett han var å sjå til da dei var sørafor, og kor hjartans skræmt han var den dagen på urssjøen her - kva kunde den sjå som hadde slike auga! Om eg fortalde deg, Arne bror min, at eg strides med maktene? Om eg fortalde deg at eg vil ofre alt for Johanna og at eg enda vil rømme ifrå henne? Og at eg likevel er meir ærlig enn du kan bli? Nei. Slikt skal ikkje du vita. (85-86)

Det siterte har referansar til andre tekstavsnitt ("da dei var sørafor" (83, 84) og "den dagen på urssjøen" (85)), som me ikkje skal gå nærmare inn på her. Men tankane viser at Sebulons kjensler for Johanna og konflikhtar i forhold til henne også er samanvasa med tilhøvet til Arne. Det er ei

rimeleg tolking at Sebulon lever seg inn i Arnes umedvitne sjalusi og hans løynde kjensler for Johanna. Han sansar og forstår den uklåre oppleving av kløyving og svik Arne har når det gjeld kjærleiken og sin eigen identitet. Me har før vore inne på korleis dette er til stades hos han som eit regressivt mønster (avh. s.38f) Difor må Sebulon "bitast med ein annan" i forholdet til Johanna.

Er denne tankegangen rett, inneber Sebulons oppleving av "maktene" også at han vegrar seg mot å engasjera seg på ein slik måte at det gjer Arne vondt, samstundes som han ønskjer å gjera det. Men han kan ikkje fortelja dette med broren: "Nei. Slikt skal ikkje du vita."

Det er merkelege mønster, men dei let seg forstå i lys av det me har vore inne på før. Arne er den einaste attlevande av brørne. Å krenkja han vil vera å krenkja grunnlaget for den regressive lengsel mot den uopprettelege harmoni, som er den inste drivkraft i forholdet. Dessutan eksisterer det spesielt varme kjensler for Arne hos Sebulon, og på trass av Arnes rivalisering og sjalusi, er det gjensidig. Dei varme kjenslene treng ikkje vera noko anna enn eit uttrykk for at dei to brørne for kvarandre representerer/symboliserer ein avglans av den harmoni som er umedviten norm for samlivet. Men kjenslene mellom dei er tabulagde. Lesaren får sin kunnskap om dei gjennom dei konsekvensane dei får for handlinga. Endå om brørne, spesielt Sebulon, sjølv òg opplever sin varme for den andre i bråglimt, kan dei ikkje tala med kvarandre om det, ikkje før heilt mot slutten av boka, og det skal me seinare koma attende til.

Det tabulagde gjer at kjenslene ofte må forkle seg. Kjærleik kan opplevast på grensa til hat (96), lengsel blir vonløyse, rådløyse og svart depresjon, bunden varme kulde og gråten på botnen av sjela stig fram som ein "uhuglég kaldflir" (109). "Du har hjelpt han fint! lo det i han; det

var den vondaste styngen han hadde kjent"(111) Alvorlege handlingar som blir utførte av omsorg og brorskjærleik, må forteiast, og alt det usagde blir ein sprengkile i forholdet mellom dei. Det er i dette perspektivet ein må sjå dei mest lagnadstunge hendingane i denne delen av boka, likplyndringa og den endelege følgja av den, at Sebulon nesten i bokstaveleg forstand driv Gottfred i døden.

Me skal peika på hendingar og tekstpassasjar som me kan byggja dette synet på. Lat oss først sjå på likplyndringa, der Sebulon saman med Gottfred stel lommeboka frå ein drukna kaptein dei finn på eit skjer etter eit forlis. Frå ei side sett kan ein karakterisera Sebulons ferd denne kvelden som blinde, desperate handlingar med rot i kjensleknutar og sjølvhat. Men frå ei anna side sett handlar han konsekvent ut frå si varme omsorg for broren som han veit treng økonomisk hjelp. I kapitlet før plyndringa, "På kvar sin båt", der tittelen understreka avstanden mellom brørne, heiter det til slutt:

Arne tier. Han kjenner seg meir åleine enn han kan finne tanke for.

- Ja, du ror no på ein annan båt enn eg, seier han endelig.

- Og så langt utpå tør ikkje du?

- Asj! ti still då!

Da dei gjekk oppetter til stua, kom det så sterkt over Sebulon at han vilde broren vel, det var uråd å seie eit ord. Her måtte finnast ein utveg så Arne var berga. Sebulon hadde så mange skillingar at han kunde klare sin part av renta, enda ho var tvivinters gammal, men kva hjelpte det. Ja ja. Til så lenge fekk Arne gå der og plagast med sitt, - han gjekk føre oppover, med hendene på ryggen. Ein skikkeleg mann, ranns det for Sebulon; skikkelig folk er stygge attanfrå, dei. Enda burde ein visst ikkje fara hardt med dem. (88)

Då Gottfred og Sebulon finn kapteinen, vil Sebulon først ikkje vera med på å ta pengane, men han gjer det til slutt likevel:

Gottfred (...) delte dem i to like tjukke pakkar, og retta så fram den eine til Sebulon. Han tok ikkje imot.

- He? Er du redd?

- Nei, eg er uredd. Men du kunde bli redd.

- Ja, men dette kan bli det einaste vi får!

- Øyværing og tjyv! for det gjenom Sebulon. Orde er gammalt, men det er ikkje sant. Ei blink står han og ser tvert ned. Rettar seg så opp, og tek pengane og gjømmar dem, og så tek han boka og hiver henne på sjøen. Det var ei dyrverdig skinnbok. - Nei, Arne! murrar han. Dette her gjer eg for di skyld. Meg? Meg skal du ikkje tenke på, eg ror på ein annan båt; eg er ingen skåre. (91)

Det interessante i denne siste tekstdelen er at Sebulons refleksjonar inneheld både omsorga og varmen for Arne og samstundes eit slags sjølvhat som konsekvens av det. På ein måte kan det sjå ut til at han søkjer ei gjerning som inneber straff for det som driv han til å handla. I alle fall kan han ikkje seinare røpa noko for Arne om sitt omsorgsmotiv, og hans reaksjonar mot broren blir nesten hatefulle:

Sebulon undrast kvifor han ikkje likte broren bedre no når han hadde gjort einkvart for han. Det hadde han trudd da det skjedde, - det var da ikkje fordi han hata han? (96)

Straffa er nettopp det han ikkje kan røpa noko for Arne, ikkje heile sanninga, endå hans varme skulle tilseia det. Han tenkjer rett nok stundom på å tjuvkjenna seg sjølv for å hindra at far til Rakel blir utpeika som skuldlaus gjerningsmann. Også då er tanken på Arne sentral: "Han tenkte på Arne som kom til å miste bror sin" (97). Og han røpar ingen ting i første omgang. Seinare utpå vinteren, då brørne ror fiske saman, kjem dei kvarandre på ein måte nærare; endå spenninga mellom dei er til å ta og kjenna på: "Innunder visste både to at dette var berre fred til så lenge. Enda var det ein umistande ting." (98) Og då Arne i bråglimt får som eit slags innsyn i Sebulons livstrøytteleik, som er eit symptom på det usagde og useielege, heiter det om han: "Arne tagde. Han var så åleine at han bar det ikkje." (99)



Men me får òg vita noko om det som finst hos Sebulon, og som Arne ikkje ser, fordi det ikkje blir sagt:

Men gjenom all hans kropp og sjæl fór det i ein varm eling, at Arne skulde han ikkje gjera vondt, han var ein bror der han sat, ein lyshåra og klårøygd verjelausalning. Ein fekk tie seg inn i sitt eige helvet for hans skyld, herre gud, litt meir enn eit stakkars mannfolkmennske var ein da. (99-100, kursivert her)

Så sterk er altså lengselen etter harmoni i forholdet mellom dei at Sebulon frivillig vil teia seg inn i helvete for broren si skuld. Dermed kan harmonien sjølv sagt ikkje bli realisert på annan måte enn med 'straffa' som kompensatorisk vederlag for det han i sin lengt trår etter. Når det heiter at "litt meir enn eit stakkars mannfolkmennske var ein da" fortel det at han ser korleis dette forholdet til broren gjer hans "normale" kjærleiksliv endå meir tvetydig og meir komplisert enn det elles alt er. I valet mellom omsynet til Arne og til Rakel prioriterer han i denne tankerekkeja broren framfor vakse samliv med Rakel.

Det er i samsvar med hans splitring at han ikkje kan vera konsekvent på dette området. Dei situasjonane han har vasa seg inn i, får konfliktane til å akkumulera seg mot eit brestepunkt der atter omsynet til Rakel blir ei tvingande makt.

I sin barnlege og heile kjærleik "trur" ho nemleg på han med ein tillit som ligg utanfor den kløyving som alle andre han har kontakt med, er merkte av. Og då Johanna er død og gravlagd, vender Sebulon seg atter til Rakel med sin inkonsekvens og sitt sprengde sinn. Her kjem det til at i forholdet til henne har han Gottfred som rival. Og han veit. Rivaliseringa med han om Rakel får minnet om liknande situasjonar tidlegare til å vakna i Sebulon. På ein måte kan me i denne funksjonen difor sjå Gottfred som ein symbolsk representant for den straffande brors/farsinstansen som Sebulon aldri har fullført sitt opprør mot, men bøygt seg for, og fortrengt sine kjensler, med splitring som konsekvens:

Det tok til å rasa i han. Oppi hovudet dunka det og song det, og hjarta vilde ikkje gå, der var ikkje luft. (...) han var uthivd, ut i yttarste mørkre, hivd ut til svarte seg sjøl. (...) Herre Gud, kva kan ikkje eg koma til å gjera! (103)

Det er ein viss likskap mellom desse tankane og t.d. det han ein gong kjenner då Johanna avviser han, medan ho enno er gift med Jæger:

Da rasa det i han, verre enn nokon gong når dei trødde han ned. Det for tankar og hendingar gjennom han så han vart iskald i hårrota. (76)

Det er godt samsvar med dette synet på Gottfreds funksjon, at Sebulon i første omgang legg til side sin ville aggresjon, vik unna og på eit vis solidariserer seg med sitt internaliserte bilete av storebrørne:

Da stilna det i han. Han vart still all igjenom. Kvel-den svara med same stilla. Endelig gjekk han i båten og rodde heim. Oppved naustveggen heime synte det seg ein mannaskapna for han, var der tydelig og vart borte. Ja ja, han hadde set slike ting før. Men Johan eller Jæger var det ikkje, dei var han nærmare enn som så. - Eg nektar å tenke! smilte han imot Johan. - Du! bles han til Jæger. - Det var ikkje eg som styrde i dag, la de merke til det, de? (103)

Det endelege resultatet blir likevel at Sebulon atter vender seg til Rakel og at han tvingar Gottfred til å teia, då han får ny visse for at Rakel bryr seg om han. "Du plagar meg ikkje til å bli mordar, veit eg?" seier han til han. (107) Gottfred må ro heim åleine frå Olsøya i fylla og han druknar. Sebulon er ikkje utan skuld i det. Arne og Sebulon får òg det oppløyste liket av han i garnet, som eit symptom på det vonde og fortagde i tilhøvet mellom dei. Heller ikkje det forløyser noko, men kanaliserer fram den angsten som følgjer bindinga mellom dei - og den smertelege skorten på evne til å opna dørene for dei sanne kjenslene blir demonstrert:

Han (= Arne) vart rå av redsle. - Kva gjer du så? sa han da like låg i nauste.

Sebulon gjekk ut. Der sa han, med ein uhuglig kaldflir:

- Du skulde ikkje tru slikt om din eigen bror.

Arne fekk ikkje ord fram. Når Sebulon ler no, da er han ikkje menneske. Da er han skyldig, ja. Ingen ein kunde ha helse til å bu i lag med ein slik, han hadde mist bror sin. Det same tenkte Sebulon om Arne: det fekk bli farvel, det, og kven skulde han så leva i lag med? Når enda Arne kunde snakke med Aletta om dette, men det er vel umulig, det syg han ut slik sjøen gjer med ein redd ein. - Du har hjelpt han fint! lo det i han; det var den vondaste styngen han hadde kjent. (109-110)

Heile denne veven av hendingar og kjensler som er knytt til Arne, Rakel og Gottfred skal me ikkje rekkja opp, berre på nytt understreka at forholdet til Arne er avgjerande for utviklinga, og at det er umogeleg for Sebulon å tala ope ut om det. Det som kan truga brorstilhøvet er samstundes eit trugsmål mot den regressive harmoni som er målet for den djupaste lengten hos dei begge. - Siste fasen i utviklinga understrekar det.

### 2.3.6. "Siste avgjerdsle". Kjærleik, regresjon, død. 3.

"Kven skulde han så bu i lag med", tenkjer Sebulon i sitatet ovanfor. Meir enn nokon gong før blir det viktig for han å finna nokon som "trur" på han. Og den dagen Gottfred blir gravlagd, får han eit nytt prov på at Rakel gjer det, trass alt grunnlag for mistanke om at han har drive Gottfred i døden. Den nærleik ho gjev Sebulon, skaper i han ei ukjend lykke som likevel ikkje kan gje han fred før han har fri-teke Arne for dei vonde mistankane og kjenslene:

Og i same lykka var Sebulon om kvelden da han rodde heim i lag med Arne og Aletta. Det måtte bli ei avgjerdsle no, Arne skulde ikkje ha det slik lenger, herre gud, han såg ut som bleikaste tæringen. (111)

Og han som ser slik ut, kan slett ikkje bryta gjennom skalet til broren, endå det er det han òg mest av alt ønskjer. Han tenkjer om kona, Aletta, at ho "kunde da snakka til han, ho som ikkje stod han så nær" (111). Sebulon fortel så at han og Rakel er trulova og at dei skal flytta bort frå Olsøya. Han bruker hennar skrymtlause tru på seg til eit frikjenningsprov mot Arnes mistankar, og forteiknar dermed sanninga. Likevel må han denne gongen meir fram med sine verkelege kjensler for Arne enn nokon gong før. Han seier med tanke på Gottfred:

- Du ser det du ja, at eg kunde ja gjort denne gjeringen? Ja ha. Men enda kunde eg det ikkje. Eg trur eg kom i hug både deg og a Rakel. For dykkar skuld kunde eg ha gjort det. Og for dykkar skuld var det eg ikkje kunde det. (112)

Desse orda er ei tvilsam fortolkning av det som faktisk hende, men det viktige ved dei er at Sebulon her sidestiller sitt forhold til Arne med forholdet til den han nett har trulova seg med. Det er sterkt på Olsøya, der kjensler stort sett blir fortagde.

Så verkar òg heile denne scena slik på begge brørne at dei fell inn i ei verd der dei er reint for seg sjølv, og ingen annan eigenleg har tilgjenge. Aletta står saman med dei, men er utanfor likevel:

Ho glåpte berre på han. Snudde seg så til Arne med same undringa i andlete. Ho hadde vakna her imillom to framande menneske, det eine galnare enn det andre. Ho prøvde å snakka til Arne, men han hørte henne ikkje, han såg på Sebulon. Dei var to-eina som dei hadde vore. (...)

Arne stod lenge og såg ned. Aletta klara ikkje å vera still lenger, ho tok i han og ruska: var han ikkje rett i hovude? Da såg han opp, først på henne og så på Sebulon, så ut i vere, der nattskygga stod og dorma utunder himmelen. Så lo han, han strauk ut alt som hadde plaga dem. (112)

I ein glimt har brørne fått ein kontakt med den harmonien dei alltid har søkt, og som i ein viss forstand alltid har

vore der, i den fortagde kjærleiken mellom dei, som no viser sitt andlet. Men også i dette paradiset er det sett frist. Kjærleikens pris er vaksne samlivsforhold. Sebulon skal flytta bort. Arne reagerte straks han fekk høyra det med å seia at han kunne flytta. Når han no har fått den nye kontakten med broren, gjer han framlegg om at dei alle kan bli buande på Olsøya. Sebulon minner om at dei har "set einannan for djupt i augo" (112) og held fast på avgjerda. Arne prøver å akseptera, men tankane hans avslører at hans inste von og høgaste umedvitne norm, er samlivet mellom brør:

Eg har no aldri prøvd korleis det er å vera så svinaktig glad, det vert gjerne for sterkt for meg det.  
(112)

"Å vera så svinaktig glad" må gå på den kjensla han kunne ha ved ei full harmonisering med broren. Det er sjølv sagt ikkje det minste urimeleg eller unaturleg å ønskja å bu i lag med ein bror, men i vårt perspektiv må ein leggja vekt på at grunnlaget for det ønsket er den umedvitne, regressive lengsel etter ein umogeleg harmoni. Og atter blir det ein støytestein for utviklinga av "frie", "vaksne" samlivstilhøve.

Sebulon ser korleis Arne talmast ved tanken på "opplysinga" av forholdet mellom dei:

Båten hadde vorte triveligare å bu i, no eit tak, let Arne da dei kom heim og Aletta spurte korleis dei hadde havt det. - Ja, sa Sebulon, men han Arne gløømmer å svara somtid når eg snakkar til han, han gløømmer at han gløømte det. (112-113)

Det må vera ut frå tilsvarande reaksjonar hos seg sjølv at han har evne til å sansa dette og reagera i samsvar med det: Han dreg til Skinnarøya, hentar Rakel, kjem attende og fortel at dei har "tenkt seg om" og skal bli verande i Olsøya likevel.

Arnes spontane reaksjon på det er ein synleg regresjon, som er beinveges markert i teksten: "Arne såg rar ut, han smilte

som eit barn (113, kursivering her). Han fortrengrer det snøgt og finn att sin "vaksne identitet": "Tok seg så samen og var Arne att. - Det er som eg seier, sa han tørt. Blir det ikkje på den eine måten så blir det på den andre" (113). Men teiknet i teksten er ikkje til å misforstå. Dei kjenslene som blir fortrengrde, er dei djupaste. Noko tilsvarende må gjelda for Sebulon. Det er knapt omsynet til Rakel som får han til å velja at dei skal bli. Som Johanna i trulovingsfasen og i sine ekteskap var ein kasteball i eit relativt gjennomsiiktig "sybiotisk" samspel mellom brør, der dei ikkje spurde etter hennar vilje, men handla ut frå løynde drivkrefter, er Rakel det no. Det ligg for så vidt òg i Arnes siste siterte replikk i boka: "Jaja, Rakel: når eg får sjå det skal eg tru det. Før seier eg ikkje velkomen hit. - Merkelig! sa han med seg sjøl, og så gjekk han" (113)

Den episke konklusjonen på dette er at Sebulon druknar. Han og Arne tek ein siste tur til havs før bryllaupet skal stå. Ei storbåre skavlar seg opp, veltar inn over båten og tek han med seg i kav. Dei finn han ikkje att.

Ein kan synast det er eit nådeløst, opprørande og tilfeldig inngrep frå naturmaktene i den nye, gryande lykka på Olsøya at dette skjer. Men prøver ein å halda saman spreidde episodar i boka, er det ein iaugnefallande logisk konsekvens i denne slutten. "Siste avgjerdsla" er tittelen på sluttkapitlet, og den siste avgjerdsla gjeld ikkje Rakel, men Arne og er såleis styrt av dei regressive mønster me kjenner frå før. Gong på gong har me sett i Olsøygutane at denne kjenslefikseringa til den kvorvne harmoni ikkje kan sameinast med vakse samliv. Og no blir for tredje gong døden "løy-singa" på ein uløseleg konflikt. - Dei strukturelle likskapane i samanbindinga av moment som fører fram til at Johan, Jäger og Sebulon dør - og i ein viss forstand Johanna òg - gjev oss rett til å tala om ei framstilling med klårt symbolske overtonar. Sagt på ein annan måte: I djup-

strukturen eller i underteksten finst sams element som peikar på andre årsakssamanhengar enn lungebrune, tæring og ei storbølgje, som er realistiske grunnlag for desse dødsfalla. I lys av boka som heilskap ser me det klårt at i denne verda høyrer "kjarleik" og død organisk saman. For her kan ikkje "kjarleiken" eksistera utan saman med regresjonen. Difor kjem han i konflikt med sitt vaksne mål. Når eg også har nemnt Johanna i denne samanhengen, er det fordi ho blir eit offer for desse mekanismane, men står elles sjølv utanfor mønstra.

### 2.3.7. Det aller siste avsnittet.

Ein bror lever att, Arne. Det er naturleg å spørja kva plass han då har i denne samanhengen, om han t.d. står utanfor dette.

Det siste avsnittet i boka skildrar hans situasjon etter Sebulon er borte:

Mange hadde trudd at no var Arne ferdig med Olsøya, og Aletta hadde frykta det same. Han vart gammalvoren å sjå til, både tynn og framlutt, og mange orda i han var det ikkje. Men han nemnte aldri å flytte. (113)

Isolert sett kunne ein tolka dette som ei knapp forteljing om resignert ro, at Arne trass alt prøver å finna seg til rette på Olsøya i eit avgrensa liv. Men komposisjonen gjev subtile signal om eit anna innhald, som svarar meir til dei mønster me har analysert fram når det gjeld dei tre andre gutane, og som Arne òg har del i, etter det me har vore inne på før.

I den første presentasjonen av romanen (s. 6) nemnde eg at denne siste skildringa av Arne er eit ekko av noko som blir fortalt i første kapittel av boka. Då mora til Johan og Jæger blir sjuk og seinare døyr, heiter det om faren,

Jørgen: "Han gjekk framlutt, og snakka lågt og varsamt - hadde vorte reint gammal i all si ferd." (5)

Arne hadde ikkje sett faren på denne måten. Han kvikna til og tok mot for seg etter at han fekk lag med Sofia, som vart mora til Arne og Sebulon: "Jørgen han var som ein spilder ny mann, reint lykkelig å kalle" (6).

Det ligg eit subtilt poeng i at Arne som utgang på boka som eit fikserbilette får repetera det mønster faren for ei tid viste i sorga over den første kona.

Arne har både kone og barn då boka sluttar. Men har mist broren. Det er sjølv sagt ikkje urimeleg å sørgja over ein bror som brått blir riven bort. Men det er heller ikkje urimeleg å tolka desse sluttorda som eit siste signal om den bindinga mellom brørne som har styrt deira vaksne samliv, deira forhold til kjærleikslivet og til sin eigen identitet. Me har før vore inne på det spesielle i Arnes tilhøve til Aletta, og hans val av henne. Han valde henne ikkje "fritt", men som resultat av eit kjenslekompleks der brorsbindingane var ei avgjerande makt, og det ufrie forholdet mellom dei ser ut til å vara ved.

Arne er 32 år då Sebulon druknar - i 1925. Dersom me forlengjer fiksjonen til nedskrivningstid, 1927, er han 34 år gammal då. Sluttbiletet av den lutande, teiande, gammalvorne mannen i førstninga av tretti-åra, står som eit siste vitnemål om makta i den regressive lengsel som heile tida har styrt det vaksne samlivet mellom brørne i Olsøya - og stengt deira samliv med andre.



### C. Appendix

#### Olsøygutane i litteraturhistoria

Eg har møtt mange menneske som seier at Olsøygutane, det er ei triveleg bok. I litteraturen om Duun har det synet fått hevd, at her skriv Duun med humør og lune. I den største norske litteraturhistoria, Bull, Paasche, Winsnes, Houm: Norsk litteraturhistorie. Ny ytgave, 1961, V, skriv A.H. Winsnes det slik: "I 'Olsøygutane', i de henrivende, friske skildringer fra hjembygden, er han (= Duun) full av munterhet og hygge" (s. 542-43). Det er alt som står om boka der.

Rolv Thesen er den som skriv mest utførleg om romanen.

Hovudsynet hans lyder slik:

Olsøygutane er kanskje det friskaste av alt det Duun har skrivi, og den boka av han som det er lettast å gje seg i kast med, som krev minst av lesaren. Det er inga særleg djup bok; men ho er heilt vellykka, frisk og ekte, full av humør og sjarm. Atter ein gong syner Duun her - som i Marjane eller I eventyre - si make-lause evne til å skildre norsk gutelynde (...)  
(Thesen, n.v. s. 265)

Thesen nyanserer rett nok oppfatninga litt og legg til:

Olsøygutane var ei hyggeleg bok. Men det flaut då opp nifse ting her og der, både i sjø og sinn, - eit par sjølik, litt vondskap og annan styggedom kom med på slutten. Det hørde med til saga om den yngste av brørne, Sebulon, som synte seg å vera ein meir problematisk natur enn dei andre, ikkje langt frå ein Jens, ein Petter eller ein Lauris. (n.v. s. 267-68)

Thesen ser denne skildringa av Sebulon i samband med at Duun etter kvart legg meir vekt på det Thesen kallar dei opphavlege og mystiske kreftene i mennesket, og han talar om at etter Juvikfolke får Duuns dikting eit drag av "menneskeleg" mystikk.

Denne doble karakteristikken har òg fått rom i Harald og Edvard Beyer: Norsk litteraturhistorie. "Olsøygutane forteller med fart og lune - men også med mørkere undertoner (...)." (3. utg. s. 278)

Den som mest konsekvent legg opp til ei framstilling der det blir lagt vekt på spenningane mellom brørne i Olsøya og at dei er bundne, er Alv G. Schjelderup (n.v. s. 22-25), men det blir med opplegget. Elles ser det ut til at Bjarte Birkeland i Beyer (red.): Norges litteraturhistorie, bd. IV, 1975 s. 537, har eit meir nyansert syn på romanen enn dei som har skrive om han før. Birkeland òg nemner humoren og den poetiske glansen over barneskildringa. Men han peikar òg på dei psykologiske spenningane mellom brørne og legg vekt på at Sebulon er eit tragisk kløyvt menneske. Men framstillinga er svært knapp.

Ser me bort frå Birkeland, og frå enkelte avsnitt hos Schjelderup, vil eg ikkje nøla med å påstå at det aller meste som er skrive om Olsøygutane er direkte misvisande. Det gjev grunn til undring. For det dreiar seg om ein høgt rosa roman av ein av dei aller største norske romanforfattarar.

Ein grunn til denne tilstanden er nok at Duun på ein måte fører sine lesarar bak lyset. Det er sant at han i mange avsnitt skriv med fart, lune og humør. Poenget er at det er ei forkledning. Det "lette", det "hyggelege" er alltid eit dekke over noko anna, over noko uendeleg sårt. Delvis er det personane i boka som medvite dekkjer til sine eigne sår bak lystige ord eller spott når dei talar. Men ofte kan dei slett ikkje tala om det dei tenkjer og kjenner. Her er ein indre tvang til togn. Og meir enn det. Tvangen gjeld òg den inste kjensla som ikkje får koma til medvit, men blir støytt ned i det mørke umedvitne, og gjennom sine ytringsformer kan ho te seg omsnudd, varmen kan stiga fram som kulde, det ømme som aggresjon, kjærleiken som hat, - og det sære og vonde kan bli framstelt lystig og lett.

Dette verkelege innhaldet er indirekte framstelt. Ein må halda saman og fortolka sambandet mellom skilde tekstavsnitt for å få tak i mønstret. Dei tekststadene som er parallellar

i meiningssamanhengen står ofte langt ifrå kvarandre. Ein fortolkande lesnad av romanen kan minna om ein psykoanalytisk prosess der ein via assosiasjonar litt etter litt kan fanga inn dei sjelelege mønster, som også styrer assosiasjonane og måten dei kjem fram på. Dette gjer at overflate-meininga i den avgrensa tekstbiten til ei kvar tid ikkje er til å lita på, men må møtast med den mistanke det ligg i alltid å ha ope syn for dei større samanhengane.

Dette inneber knapt å lesa Duun mot hans intensjonar, endå om ein kan koma til å tolka fram meningsmønster forfattaren sjølv ikkje er medviten om, men likevel viser. Hans medvitne intensjonar veit me i det heile lite om. Men ein kan trygt seia at Olsøygutane er ei bok om det umedvitne som makt i menneskelivet.

Det gjeld forresten ikkje berre for Olsøygutane. Som eg var inne på i innleiinga til denne studien, trur eg at eit slikt synspunkt er gyldig for mykje av Duuns dikting. I seinare studiar skal eg ta opp Duuns ungdomsromanar og visa korleis det regressive også der er ei styrande umedviten kraft i den vaksne psyken.

